



Bilete: Bandakslid brygge, 2017

ÅRSMELDING

Tokke kommune 2017

1. Innhald

| | | |
|-----|---|----|
| 2. | Innleiing | 1 |
| 3. | Politisk styring | 4 |
| | <i>Politisk organisering</i> | 4 |
| 4. | Kommunens økonomi | 5 |
| 4.1 | Økonomisk oversyn | 5 |
| 4.2 | Driftsresultat | 13 |
| 5. | Planområde 1 Sentraladministrasjonen og NAV | 15 |
| 5.1 | Driftsresultat | 16 |
| 5.2 | Rapportering, handlingsprogram | 19 |
| 5.3 | NAV-TOKKE | 20 |
| 5.4 | Rapportering handlingsprogram 2017 - NAV | 20 |
| 6. | Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett | 21 |
| 6.1 | Driftsresultat | 21 |
| 6.2 | Rapportering, handlingsprogram | 26 |
| | Bibliotek | 27 |
| | Dalen barnehage og Dalen barnehage Åmdals-Verk | 28 |
| | Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal | 29 |
| | Tokke skule/ Tokke skule Åmdals-Verk | 29 |
| | Høydalsmo skule | 29 |
| | Kulturskulen | 30 |
| | Vaksenopplæringa/flyktningstenesta | 30 |
| 7. | Planområde 3 – Helse og omsorg | 32 |
| 7.1 | Driftsresultat | 33 |
| 7.2 | Rapportering handlingsprogram | 37 |
| 7.3 | TENESTANE | 38 |
| | Helsestenestane | 38 |
| | Institusjon | 41 |
| | Kjøkken | 41 |
| | Heimebasera omsorg | 41 |
| | Åheim bufellesskap | 42 |



| | |
|---|----|
| Folkehelse | 42 |
| 8. Planområde 4 og 5 – plan, næring og teknisk | 44 |
| 8.1 Plan og næring | 44 |
| 8.2 Rapportering handlingsprogram, plan og næring | 44 |
| Plan, kart/ oppmåling og byggjesak | 45 |
| Næring generelt | 45 |
| Reiseliv | 46 |
| Landbruk | 48 |
| 8.3 Vassforvaltning | 49 |
| 8.4 Teknisk | 51 |
| 8.5 Driftsresultat, teknisk | 51 |
| 8.6 Rapportering, handlingsprogram teknisk | 52 |
| Eigedomsforvaltning | 52 |
| Brann | 53 |
| Uteavdeling | 53 |
| Vatn og avlaup | 54 |



2. Innleiing

2017 har vore eit innhaldsrikt år på fleire måtar. Etterslep på vedtekne innsparingar har gjort det utfordrande å nå budsjett særleg på helse og omsorg, men også på teknisk etat. Økonomien i dei andre etatane har gått noko i pluss og inntektene våre har vorte større enn budsjettet så rekneskapen endar på budsjett.

Det er gjennomført store endringar i organisasjonen, både innanfor oppvekst og plan, næring og teknisk. Oppvekst har fått innlemma kultur og idrett frå plan, medan plan og næring har vorte slegne saman med teknisk.

Omstillingane har medført mykje arbeid med tilpassingar og samarbeid om oppgåvene som ligg til desse etatane.

Dei største utfordringane ligg nok likevel til helse og omsorgsetaten, då dei har teke store innsparingar i økonomien, samt gjennomgått endringar i struktur og turnus. Innsparingane vart budsjettet frå 1. januar, men det var ikkje mogleg å gjennomføre og det er ein del av forklaringa på underskotet, men det er også nødvendig å ha sterkt fokus på andre høve som er med på å skape underskot.

Fokus på arbeidsmiljø og sjukefråver har vore stort og det er sett i gang prøveordningar i høve 12 timars turnus og prosjekt for å få ned sjukefråveret innan helse og omsorgsetaten.

Innan skulesektoren er det stadig nye krav og endringar, noko som krev kontinuerleg utviklingsarbeid og gjennomgang av kunnskapstrong og korleis ein best nyttar ressursane.

Kommunen har fått tilsett mange nye dyktige medarbeidarar i 2017. Det er spesielt mange stillingar i administrasjonen på Plan, Næring og Teknisk som no er besett. Aktiviteten har gjennom året auka monaleg og ein får sett i verk stadig fleire nødvendige oppgåver som har lege på vent.

Det har kome signal frå revisjon og kontrollutvalet om at me må ha meir fokus på økonomistyring og opplæring av leiarar i økonomiverktøy. Arbeidet med å gå nøye gjennom rekneskap 2017 og budsjett 2018 vart sett i gang og blir vidare fylgd opp i 2018.

Inntektene i 2017 har vore noko større enn budsjettet og dette er var med på å sikre at driftsresultatet vart som budsjettet. Rekneskapen ser ut til å ha eit stort overskot, men dette skuldast integreringsmidlar som må fordelast ut over fleire år og difor setjast på fond.

Inntektsauken har i hovudsak vore knytt til auka utbyte, høgare straumpris enn budsjettet og positivt premieavvik.

Drøftingar med Vinje kommune for å endre dei økonomiske vilkåra i avtala om legevaktsamarbeidet er framleis ikkje heilt avklara, men forslag til avtale ligg føre slik at ein truleg kan fastsetje den i fyrste del av 2018.

Arbeidet med særavtale for konsesjonskraft vart signera i 2017, med ein god avtale for kommunen. I tillegg vart eit svært omfattande arbeid med vilkårsrevisjon ferdigstilt og oversendt NVE i november. Dette var ei stor og omfattande oppgåve både for politisk miljø/ordføraren og administrasjonen i 2017. Vi vonar no at dette blir handsama på ein grundig og god måte i NVE, for vidare avgjerse i departementet.

Det har også vore mange andre kraftsaker i fokus i 2017. Eigedomsskatten for verk og bruk er heilt endra, sjølv om kraffanlegg foreløpig er fritekne. Det er krafftkrevjande industri som får den største reduksjonen i skatt og det har me ikkje så mykje av i Tokke. Noko mindre skatt mot næringslivet vil det likevel bli, med ei gradvis nedtrapping over 7 år.

Den saka som har størst innverknad på vår økonomi er nok skattlegging av linjenett. Statnett har vunne fram i sak om mindre skattlegging av sine anlegg. Det er for tida ei sak LVK er engasjert i av dei fleste medlemskommunane for å få best mogleg resultat her.

Når det gjeld økonomien så er utsiktene til både overføringar og kraffinntekter at dei truleg går ned dei næraste åra. Straumprisen var høgare enn budsjettera i 2017 og fortset med det inn i 2018, men ein trur kanskje likevel at den vil vere låg i nokon år framover for så å auke att etterkvart som energimarknaden blir meir samkøyrd.

Tokke har gjennom dei seiste åra hatt lågare inntekter pr. innbyggjar enn 120%, som er grensa for småkommunetillegg. Dette medfører at me for 2019 truleg får ei overføring på ca. 5,5 mill. Den ekstra inntekta bør vi nok i hovudsak setje på fond. Disposisjonsfondet vårt auka med 13,5 millionar i 2017, men bør helst aukast ytterlegare med 15 millionar.

For 2018 er det viktig å stabilisere drifta i høve dei inntektene kommunen har. Økonomiplanen visar eit stramt budsjett også for komande år og det kan bli trong for ytterlegare innsparingstiltak.

Kommunen var også inne i fleire prosjekt knytt til regionalt samarbeid i 2017. Dei fleste av desse vart skrinlagt eller sett på vent for Tokke sin del, men samarbeid med Vinje og Kviteseid om IKT drift vart styrka. Selskapsform og administrering vart ikkje avklara, men ein er godt i gang med å samordne maskin- og programvare.

Samarbeid om felles NAV-kontor i Vest-Telemark var kanskje den største utfordringa i høve interkommunalt samarbeid i 2017. Avklaringar kring om det er nødvendig og aktuelt å samle tenestene og likedan evt. lokalisering av desse har vore varmt diskutera, både i kommunane og i Vest-Telemarkrådet. Saka var ikkje avklara ved årsslutt, men det er positive signal inn i 2018 om å få eit felles kontor på Dalen. Kommunane i konsesjonskraftstyret, 8 kommunars - avtala, har også arbeidd ein del med planar om felles kompetanse-oppbygging i øvre-/vestre Telemark. Dette arbeidet er det stor semje om både blant orførarar og rådmenn. Ein vil også posisjonere seg mot fylkeskommunen i det vidare arbeidet. Det kan bli arbeidsplassar i distrikta.

Det er også lagt mykje arbeid i næringsutvikling. Nye areal i Høydalsmo vert opparbeidd og tilrettelagt både som døgnkvileplass ved Circle K, Tokkesenter og anna næring. På Dalen er det arbeidd mykje med innhald i gamle ABB-bygget og utvikling av næringshagen.

Det er også vedteke prosjektstilling som næringsrådgjevar og ny skogbrukssjef stilling.

Den største investeringsoppgåva også i 2017 har vore flaumsikring på Dalen – eit prosjekt i samarbeid med NVE. Prosjektet blir truleg avslutta i 2018, men kan bli utvida til også å omfatte Tangane. Elles er næringsarealet i Høydalsmo ei monaleg investering sjølv om vi får mykje masse frå veganlegga.

Kommunen har vore nøkterne i bruk av pengar, i tillegg har inntektene vore større enn budsjettera og dette gjer at det økonomiske resultatet vart bra. Netto driftsresultat er på 14 mill. , men ein god del av dette skuldast integreringsmidlar som må setjast på fond for seinare år. Når dette er trekt frå er netto driftsresultat på omlag 3% (visar elles til «kommunens økonomi»).



Det er viktig å bygge opp driftsfond for å kunne møte framtidige utfordringar og ein tilrå difor å auke dette når det er mogleg.

Turismen i Tokke er framleis ein av dei mest sentrale næringane i kommunen og det er hausta gode kritikkar både lokalt og nasjonalt for fleire av aktørane her. Hotellet er i gang med utvidingar og er ein sentral aktør for å skape blest om kommunen vår.

Dei tilsette i kommunen gjer ein framifrå jobb med å gjere kommunen vår attraktiv og syter for gode tenester til innbyggjarar og besøkjande. Det er særst viktig å arbeide saman for å få dette til å fungere.

Mars 2018



John Kleiv

Rådmann John Kleiv




3. Politisk styring

Kommunestyret er det øvste organet i kommunen. Det har mynde som organ, ikkje som enkeltrepresentantar. Ordføraren er kommunens fremste representant og leier kommunestyret. Rådmannen følgjer opp kommunestyrets vedtak og har ansvaret for administrasjonen. Kontrollutvalet utøver kontroll på vegne av kommunestyret. Kommunen har fire hovudutval: Formannskapet, oppvekstutvalet, helse- og sosialutvalet og utviklingsutvalet.

I tillegg til utvala og Formannskapet har ein rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og eldreråd.

Det vart i 2017, teke opp i sak gjennom alle utvala om ein skal endre struktur på politisk handsaming i kommunen. Saka vart utsett til 2018 med ei grunngeving om at dette likevel ikkje vil vere aktuelt før i neste kommunestyreperiode. Det vart vedteke at ein frå 2018 skal prøve ordning med saksordførar som fremmar sak frå utval/Formannskap i Kommunestyret.

Politisk organisering



Kommunestyret har 21 representantar. I denne perioden har SP ordføraren og utgjer posisjonen med reint fleirtal med 11 representantar mot AP 9 og KrF 1. Ordførar er Jarand Felland (SP) og varaordførar Tone Dale Solvang.



4. Kommunens økonomi

4.1 Økonomisk oversyn

Kommunerekneskapen for 2017 syner eit rekneskapsoverskot eller mindreforbruk på kr 8,8 mill. og eit godt netto driftsresultat (driftsinntekter minus driftsutgifter + netto finansutgifter) på kr 14 mill. (+5,1%). Kommunestyret sitt måltal er 3%, medan statlege styresmakter tilrår minst 1,75%.

Hovudårsakene til det gode resultatet er meirinntekter/mindreforbruk vedk. integrerings-midlar, meirinntekter konsesjonskraftsal og utbyte, mindre netto rente- og avdragsutgifter og positivt premieavvik. Korrigert for integreringsmidlane er netto driftsresultat på om lag 3%. I realiteten er det eit tilnærma 0-rekneskapsresultat i 2017 når me korrigerar for tilfeldige meirinntekter.

Det er stort meirforbruk på planområde 3 og 5, innsparingskrava i 2017 er ikkje nådd – eller har vore urealistiske.

Tabell 1a syner at netto løn- og sosiale utgifter auka med 4,3% i høve til 2016, men det er nytta kr 1,1 mill. mindre enn budsjettert - av dette utgjer positivt premieavvik kr 1,4 mill. Pensjonsutgiftene gjekk opp med nesten 21%, dette har delvis samanheng med at det positive premieavviket var 2,5 mill. større i 2016.

Andre driftsutgifter er på same nivå som i 2016 medan totale driftsutgifter gjekk opp med 3,1%. Driftsinntektene auka med 3,1% i høve til 2016, og er kr 12,6 mill. høgare enn budsjettert. Dette har samanheng med større inntekter frå integreringsmidlar, konsesjonskraftsal og andre refusjonar og overføringar enn budsjettert.

Rente- og utbyteinntektene blei kr 0,6 mill. større enn budsjettert, medan rente- og avdragsutgiftene blei kr 1,1 mill. mindre enn budsjettert, netto finansutgifter blei i alt kr 1,7 mill. betre enn budsjettert.

Tabell 1a

| Oversyn driftsutgifter og -inntekter, ekskl. bruk og avsetjing fond og avskrivning: | | | | |
|--|---------------|------------|--------------|---------------|
| (1000 kr) | R-2017 | %-2016-17 | Rev. B-2017 | R-2016 |
| Lønsutgifter: | | | | |
| Brutto lønsutgifter | 144 420 | 1,8 | 142 279 | 141 811 |
| Pensjonsutgifter | 17 795 | 20,8 | 19 533 | 14 728 |
| Arbeidsgjevaravgift | 16 097 | 3,2 | 16 090 | 15 591 |
| Sum | 178 312 | 3,6 | 177 902 | 172 130 |
| Refusjon sjukeløn m.m. | -7 862 | -10,1 | -6 365 | -8 741 |
| Netto lønsutgifter | 170 450 | 4,3 | 171 537 | 163 389 |
| Andre driftsutgifter, ekskl. fordelte utg. | 76 715 | 0,5 | 72 798 | 76 336 |
| Totale driftsutgifter | 247 165 | 3,1 | 244 335 | 239 725 |
| Driftsinnt., ekskl. sjukelønsref. og fordelte utg./innt. | 266 730 | 3,1 | 254 122 | 258 746 |
| Totalt brutto driftsresultat, ekskl. avskrivning | 19 565 | 2,9 | 9 787 | 19 021 |
| Netto finansutgifter | -5 578 | -11,3 | -6 720 | -6 289 |
| Netto driftsresultat | 13 987 | 9,9 | 3 067 | 12 732 |

Tabell 1b syner utviklinga av premieavviket på pensjonsutgiftene i perioden 2011 til 2017 og prognose for åra 2018-2020. Tokke kommune nyttar 1 års amortisering og dette kan gje utslag på netto driftsresultat,



men dette jamnar seg ut over år. KLP gjev uttrykk for at slike pensjonsprognosar er sær s vanskelege og usikre, det bør såleis setjast av tilstrekkelege midlar til disposisjonsfond for å dekkje opp for negative premieavvik. Prognose for netto driftsresultat er jau også usikre. For 2017 var t.d. prognosa for driftsresultat kr 3,4 mill., årets premieavvik kr 6,1 mill. og driftsresultat justert for premieavvik minus kr 2 mill.

Tabell 1b

| PREMIEAVVIK 2011-2020 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | R-2015 | R-2016 | R-2017 | Prognose: | | |
|--|--------|---------|--------|--------|---------|--------|--------|-----------|--------|--------|
| | | | | | | | | B-2018 | B-2019 | B-2020 |
| Netto driftsresultat (+ positivt) | 15 698 | -5 883 | -1 730 | -4 | -10 334 | 12 732 | 13 987 | 1 529 | 4 422 | 5 566 |
| Moms.komp. investering | -4 155 | -2 035 | -7 785 | - | - | - | | | | |
| Netto driftsresultat etter moms.komp. | 11 543 | -7 918 | -9 515 | -4 | -10 334 | 12 732 | 13 987 | 1 529 | 4 422 | 5 566 |
| Amortisert avvik (1 år) - Funksjon 171 | 885 | -1 277 | -4 959 | 1 200 | -4 860 | 3 208 | -680 | -2 058 | -6 886 | -6 830 |
| Årets premieavvik - F170 | 1 277 | 4 959 | -1 200 | 4 860 | -3 208 | 680 | 2 058 | 6 886 | 6 830 | 10 326 |
| Totalt avvik F170-F171, inkl. arb.gj.avgift | 2 162 | 3 682 | -6 159 | 6 060 | -8 068 | 3 888 | 1 378 | 4 828 | -56 | 3 496 |
| Netto driftsr. justert for premieavvik | 9 381 | -11 600 | -3 356 | -6 064 | -2 266 | 8 844 | 12 609 | -3 299 | 4 478 | 2 070 |
| Rekneskapsresultat (dvs. inkl. fond) | 12 104 | 1 871 | 800 | 1 787 | 0* | 12 236 | 8787 | 0 | 0 | 0 |
| * Avsetjing til disp.fond redusert med 6,8 mill. | | | | | | | | | | |
| Inntekter (netto) eigedomsskatt og kons.k. | 60 794 | 52 250 | 59 745 | 55 857 | 48 592 | 50 984 | 47 297 | 40 800 | 40 000 | 40 000 |

Tabell 2 under syner at det er budsjettoverskot/mindreforbruk på planområde 1 sentraladministrasjonen, planområde 2 oppvekst, kultur og idrett og planområde 4 plan og næring. Planområde 3 helse og omsorg og planområde 5 teknisk har underskot/meirforbruk.

Investeringane utgjorde kr 20,4 mill., – 24% er lånefinansiert.

Tabell 2

| | Netto driftsutgifter (inkl. fond) | | | Investeringar (brutto) 2017 |
|---------------------|------------------------------------|--------------------|--------------------------------|-----------------------------|
| | Rekneskap 2017 | Rev. budsjett 2017 | Budsjett-overskot/underskot(-) | |
| 1000 kr. | | | | |
| Sentraladm. | 21 712 | 22 814 | 1 102 | 700 |
| Oppvekst, kultur | 68 029 | 71 585 | 3 556 | 0 |
| Helse- og omsorg | 74 936 | 70 583 | -4 353 | 0 |
| Plan, næring, | 3 402 | 4 355 | 953 | 1 385 |
| Kyrkjeleg fellesråd | 3 558 | 3 558 | 0 | 0 |
| Teknisk | 18 829 | 17 457 | -1 372 | 18 306 |
| Felles | -199 253 | -190 352 | 8 901 | |
| Sum alle planområde | -8 787 | 0 | 8 787 | 20 391 |

Disposisjonsfonda har auka med kr 13,5 mill. i 2017, med bakgrunn i rekneskapsoverskotet i 2016. Sidan mindreforbruket i 2017 i stor grad kjem av unytta integreringsmidlar bør dette bli avsett til disposisjonsfond for seinare bruk.



Tabell 3 syner brutto driftsutgifter fordela på utgiftsartar.

Tabell 3

| | Brutto driftsutgifter | | | | | | |
|--|-----------------------|-----------|----------|-------------------|-----------|-------------------|-----------|
| | 2017 | | | 2016 | | 2015 | |
| | Brutto driftsutg. | %-vis del | Budsjett | Brutto driftsutg. | %-vis del | Brutto driftsutg. | %-vis del |
| 1000 kr. | | | | | | | |
| Løn- og sos. utgifter | 178 312 | 68,9 % | 177 902 | 172 130 | 68,4 % | 182 422 | 69,4 % |
| Skys- og kost | 923 | 0,4 % | 1 088 | 1 049 | 0,4 % | 2 511 | 1,0 % |
| Kjøp varer/tenestar til eigenproduksjon | 36 594 | 14,1 % | 32 250 | 33 430 | 13,3 % | 37 778 | 14,4 % |
| Kjøp varer/tenestar - erstattar eigenprod. | 18 555 | 7,2 % | 18 792 | 22 435 | 8,9 % | 20 320 | 7,7 % |
| Fordelte utgifter | -1 334 | -0,5 % | -1 013 | -1 383 | -0,5 % | -4 185 | -1,6 % |
| Overføringar | 22 902 | 8,8 % | 22 770 | 20 805 | 8,3 % | 20 218 | 7,7 % |
| Renteutgifter | 2 992 | 1,2 % | 4 300 | 3 200 | 1,3 % | 3 614 | 1,4 % |
| Sum alle planområde/etatar | 258 944 | 100,0 % | 256 089 | 251 666 | 100,0 % | 262 678 | 100,0 % |

Lønsutgiftene utgjør storparten av driftsutgiftene. Det er auke på alle utgiftsartar utanom renteutgifter. Korrigert for sjukelønsrefusjonar og premieavvik pensjonar i 2016 og 2017 så er det ein auke i lønsutgiftene i høve til 2016 på 2,7%. I 2016 var det eit positivt premieavvik på kr 3,9 mill., medan tilsvarende positive avvik i 2017 var på kr 1,4 mill.. jf. tabell 1b.

Skatteinntektene (inntekts-, formues-, naturressursskatt og eigedomsskatt – tabell 4) gjekk ned med kr 4,5 mill. i 2017. Nedgangen gjeld i hovudsak eigedomsskatt frå kraftanlegg og kraftlinenettet. Det er ennå uklart kor stor nedgangen eventuelt vil bli i samband med omtakseringa av kraftlinenettet. Skattedirektoratet er førespurd om forklaring på nedgangen i naturressursskatten.

Skattedekningsgraden syner kor mykje skatteinntektene dekkjer av eksterne driftsutgifter, dvs. brutto utgifter eksklusive avskrivningar. Det er ein negativ trend over fleire år.

Tabell 4 Oversyn over skatteinntektene dei siste 10 åra.

| | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 |
|--------------------------|--------|-------|-------|--------|-------|-------|--------|-------|-------|-------|
| Inntekts- og formueskatt | 53,5 | 52,3 | 49,8 | 48,1 | 47,8 | 44 | 43 | 47,5 | 45,9 | 39,6 |
| Naturressursskatt m.m. | 22,3 | 23,4 | 24 | 22,9 | 22,5 | 22 | 22 | 21 | 21,2 | 21,1 |
| Eigedomsskatt | 35,2 | 39,8 | 40,3 | 41,4 | 42,4 | 38,4 | 35,8 | 36,4 | 34,5 | 35,6 |
| Netto skatteinntekter | 111,0 | 115,5 | 114,1 | 112,4 | 112,7 | 104,4 | 100,8 | 104,9 | 101,6 | 96,3 |
| Prosentvis endring | -3,9 % | 1,2 % | 1,5 % | -0,3 % | 8,0 % | 3,6 % | -3,9 % | 3,2 % | 5,5 % | 1,0 % |
| Skattedekningsgrad | 43,5 | 46,6 | 44,1 | 45,5 | 43,9 | 42,6 | 45,8 | 49,2 | 47,0 | 47,0 |

Skatteinntektene (utanom eigedomsskatt) og rammetilskotet frå staten er ein del av inntektssystemet mellom staten og kommunane, minke i skatteinntektene blir såleis avrekna med meir rammetilskot og omvendt.

Rammetilskot frå staten


Rammetilskotet frå staten gjekk opp med kr 2,0 mill. til kr 66,1 mill. Det kom inn kr 603 000 meir enn budsjettert.



Driftsresultat

Nettoreultatgraden i tabell 5 syner kor stor prosentdel av driftsinntektene som er disponibelt etter at drifts- og kapitalutgifter er betala. Dette nykeltalet er i 2017 svært bra, pluss 5,1% og er nå langt over det som blir rekna som minimumskrav, styresmaktene reknar nå dette til 1,75% for kommunane. Kommunestyret sitt måltal er 3%. Men som nemnd er det inne eingongsinntekter i resultatet, eit meir reelt resultat er om lag 2,5-3%.

Tabell 5



Konsesjonsavgifter

Avgiftsinntektene var på kr 7,322 mill., kr 22 000 meir enn budsjettert. Desse inntektene er avsett til kraftfondet (konsesjonsavgiftsfondet) og blir nytta til avdragsbetaling (kr 4,0 mill.) og til næringstiltak.

Balansen

Omløpsmidlar - finansforvaltning

Avkastning av plasserte midlar i bank gjekk i 2017 ytterlegare ned, rentenivået har vore stabilt lågt lenge, men vil etter prognosane i det siste vera stigande. Gjennomsnittleg rente på bankinnskott etter bankavtala med DNB var i 2017 på 1,62%, jf. tabell 6. Ny bankavtale etter anbudsrunder i haust har ført til dårlegare rentevilkår, men avkastninga er likevel betre enn referanseindeksen, jf tabell 7. Det er ikkje andre plasseringar enn i bank.

| Tabell 6 | |
|-------------------|------|
| Avkastning i bank | % |
| 2017 | 1,62 |
| 2016 | 1,92 |
| 2015 | 2,14 |
| 2014 | 2,54 |
| 2013 | 2,60 |
| 2012 | 3,09 |



Tabell 7

Rapportering for midlar til driftsføremål:

| | 31.12.2015 | | 31.12.2016 | | 31.12.2017 | |
|--|------------|-------|------------|-------|------------|-------|
| | Mill kr | % | Mill kr | % | Mill kr | % |
| Innskot hjå hovudbank - DNB | 38,5 | 100,0 | 58,5 | 100,0 | 49,4 | 100,0 |
| Innskot i andre bankar | 0 | 0,0 | 0 | 0,0 | 0 | 0,0 |
| Samla kortsiktig likviditet | 38,5 | 100,0 | 58,5 | 100,0 | 49,4 | 100,0 |
| Avkastning sidan 31.12.2016 | 2,14 % | | 1,92 % | | 1,62 % | |
| Avkastning referanseindeks (ST1X) | 0,64 % | | 0,55 % | | 0,44 % | |
| Stadfesting av enkeltexponering ≤ 2 % av forvaltningskapital | JA | | JA | | JA | |
| Stadfesting av enkeltpapir ≤ 6 | Ja | | Ja | | Ja | |
| Største tidsinnskot | 0 | | 0 | | 0 | |
| Største enkeltpapirplassering | NOK 38,5 | | NOK 58,5 | | NOK 49,4 | |

Av tabell 8 (jf. tabell 9) går det fram at lånekostnadane er høgare enn referanseindeksen. Fastrentelåna ligg noko høgare enn dei flytande rentene.

Tabell 8

Rapportering lån:

| | 31.12.2015 | | 31.12.2016 | | 31.12.2017 | |
|--|----------------|-------|----------------|-------|----------------|-------|
| | Mill. kr | % | Mill. kr | % | Mill. kr | % |
| Lån med flytande rente | 56,30 | 35,2 | 78,70 | 47,6 | 74,40 | 47,2 |
| Lån med NIBOR-basera rente | 50,70 | 31,7 | 48,80 | 29,5 | 47,10 | 29,9 |
| Lån med fast rente * | 52,80 | 33,0 | 37,80 | 22,9 | 36,00 | 22,9 |
| Finansiell leasing | 0,00 | 0,0 | 0,00 | 0,0 | 0,00 | 0,0 |
| Samla langsiktig gjeld | 159,80 | 100,0 | 165,30 | 100,0 | 157,50 | 100,0 |
| Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2016 | 2,15 | | 1,97 | | 1,85 | |
| Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X) | 0,78 | | 0,94 | | 0,88 | |
| Tal løpande enkeltlån | 16 | | 17 | | 17 | |
| Største enkeltlån | NOK 26,5 mill. | | NOK 25,2 mill. | | NOK 23,9 mill. | |

I samband med opptak av nye lån i 2018, og i usikre tider med mogleg renteoppgang, må det vurderast større del fastrentelån, etter finansreglementet skal denne utgjera minst 1/3.



Tabell 9

| Oversyn lån: | | | | |
|------------------------|---------------|------------------|------------|---------------------------|
| Långevar | Lånnr. | Produkt | Nom. rente | Restgjeld 31.12.17 |
| KLP Kommunekreditt | 8317.54.53221 | Flytande rente | 1,80 % | kr 12 363 666 |
| Komm.banken | 20080154 | Flytande rente | 1,50 % | kr 11 993 230 |
| Komm.banken | 20150690 | Fastrente (2019) | 1,92 % | kr 12 133 320 |
| Komm.banken | 20080155 | Fastrente (2018) | 2,82 % | kr 23 867 460 |
| Komm.banken | 20080156 | Flytande rente | 1,50 % | kr 23 867 460 |
| Komm.banken | 20080157 | Flytande rente | 1,50 % | kr 17 461 340 |
| Komm.banken | 20090132 | 3 mnd NIBOR | 1,41 % | kr 4 925 120 |
| Komm.banken | 2013447 | 3 mnd NIBOR | 1,41 % | kr 21 722 160 |
| Komm.banken | 20150692 | 3 mnd NIBOR | 1,41 % | kr 20 426 820 |
| Komm.banken-KLP | | | | kr 148 760 576 |
| Husbanken | 11441303 | Flytande rente | 1,58 % | kr 161 475 |
| Husbanken | 11506497 | Flytande rente | 1,58 % | kr 367 602 |
| Husbanken | 11509693 | Flytande rente | 1,58 % | kr 1 300 000 |
| Husbanken | 11519475 | Flytande rente | 1,58 % | kr 228 401 |
| Husbanken | 11520311 | Flytande rente | 1,58 % | kr 1 266 654 |
| Husbanken | 115241611 | Flytande rente | 1,58 % | kr 2 550 000 |
| Husbanken | 11532105 1 | Flytande rente | 1,58 % | kr 2 753 633 |
| Husbanken | 11939565 | Flytande rente | 0,58 % | kr 116 600 |
| Husbanken | | | | kr 8 744 365 |
| Samla gjeld: | | | | kr 157 504 941 |

Tap på krav

Av førebels avsett til tap på krav i 2016 på kr 571 544 er det i 2017 endeleg utgiftsført kr 180 043. I 2017 er det førebels avsett og utgiftsført kr 244 590 til mogleg tap på kommunale krav. Endeleg utgiftsføring skjer då eventuelt i 2018. I alt er det usikre krav på kr 636 091 (note 13 i rekneskapen). Dette er gamle krav og krav i samband med dødsfall, sosiale årsaker etc., og såleis krav som kan bli svært vanskeleg eller uråd å få kravd inn.

Anleggsmidlar

Avskrivning av faste eigedomar og anlegg er gjort både i driftsrekneskapen og balansen. Avskrivningane har ikkje verknad for netto driftsresultat. Avskrivningane er med i mange av rapportane i KOSTRA som eit kostnadselement.

Tidlegare avskrivne brannbilar er selde for kr 99 000, og tomteområde Hallbjønnssekken og Dalen er selde for kr 2,1 mill.

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen, tabell 10, er på nivå med 2016. Arbeidskapitalens driftsdel har litt negativ utvikling:



Tabell 10

| Mill. kr. | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2006 | 2005 |
|---------------------|--------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Omløpsmidlar | 75,8 | 76,5 | 58,6 | 67,7 | 77,7 | 95,7 | 74,0 | 89,7 | 89,0 | 96,0 | 105,0 | 120,1 | 65,8 |
| -kortsiktig gjeld | -38,7 | -39,9 | -39,3 | -36,0 | -40,0 | -41,2 | -35,3 | -33,8 | -33,0 | -33,6 | -32,9 | -28,5 | -27,3 |
| Arbeidskapital | 37,1 | 36,6 | 19,3 | 31,7 | 37,7 | 54,5 | 38,7 | 55,9 | 56,0 | 62,4 | 72,1 | 91,6 | 38,5 |
| -fondsmidlar | -29,2 | -18,9 | -19,2 | -29,1 | -27,1 | -35,7 | -30,6 | -30,0 | -30,2 | -34,1 | -41,7 | -35,3 | -36,5 |
| -unytta lånemidlar | -2 | -8,3 | -3,4 | -3,7 | -12,7 | -19,7 | -0,7 | -22,6 | -28,3 | -29,3 | -26,7 | -53,3 | -0,2 |
| Arb.kap., driftsdel | 5,9 | 9,4 | -3,3 | -1,1 | -2,1 | -0,9 | 7,4 | 3,3 | -2,5 | -1,0 | 3,7 | 3,0 | 1,8 |

Likviditet

Likviditeten, jf. tabell 11, er mykje bunden opp i fond og ikkje disponible midlar (lån t.d.), og er på nivå med dei seinare åra. Likviditetsgrad 3 som er forholdet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Nykeltalet må vera større enn 0,33 for at kommunen skal klare betalingspliktene sine. Det er likevel grunn til å halde god oppsikt med utviklinga av likviditeten framover.

Tabell 11

| | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2006 | 2005 |
|-------------------|-------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Mill.kr. | | | | | | | | | | | | | |
| Kasse,bank | 55,8 | 64,6 | 45,1 | 49,0 | 65,8 | 74,1 | 57,9 | 72,5 | 73,8 | 68,5 | 86 | 109 | 56,5 |
| Kortsiktig gjeld | 38,6 | 39,9 | 39,3 | 36,0 | 40,0 | 41,2 | 35,3 | 33,8 | 33 | 33,6 | 32,9 | 28,5 | 27,3 |
| Likviditetsgrad 3 | 1,4 | 1,6 | 1,1 | 1,4 | 1,6 | 1,8 | 1,6 | 2,1 | 2,2 | 2,0 | 2,6 | 3,8 | 2,1 |

Fondsmidlar

Fondsmidlane, jf. tabell 12, syner ein auke på kr 10,2 mill., og er ved utgangen av året på **29,1 mill. kr.** Auken kjem av tilbakeføring til disposisjonsfond frå rekneskapsoverskot 2016, det blei «lånt» av disposisjonsfonda for å dekkje opp underskot i 2015. Rådmannen tilrår at mindreforbruket i 2017 blir avsett til disposisjonsfond for å styrke dette – det burde vore dobla. Investeringsfonda blir stadig mindre, blir nytta til delfinansiering av investeringar. Det var tidlegare eit mål om at Næringsfond, investering skulle vera på kr 15 mill.

Tabell 12


| | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2006 |
|--------------------------|-------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Mill.kr. | | | | | | | | | | | | |
| Disp.fond, investering | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,8 | 0,8 | 1,3 | 5,4 | 11,8 | 6,6 |
| Bundne driftsfond | 7,6 | 5,1 | 5,3 | 5,7 | 4,8 | 4,7 | 7,0 | 10,1 | 10,4 | 11,8 | 10,2 | 7,2 |
| Disposisjonsfond | 15,7 | 2,3 | 1,6 | 10,5 | 12,0 | 20,8 | 15,9 | 9,8 | 9,0 | 6,1 | 5,7 | 5,3 |
| Næringsfond, inv. | 4,3 | 5,9 | 5,2 | 5,2 | 5,4 | 5,8 | 6,5 | 5,9 | 5,9 | 2,4 | 5,6 | 8,5 |
| Investeringsfond, ubunde | 1,5 | 5,6 | 7,0 | 7,4 | 4,1 | 4,1 | 0,1 | 3,3 | 3,3 | 7,9 | 7,3 | 6,6 |
| Investeringsfond, bunde | 0 | 0 | 0,1 | 0,3 | 0,8 | 0,3 | 0,3 | 0,1 | 0,5 | 0,5 | 1,1 | 1,1 |
| Fond i alt | 29,1 | 18,9 | 19,2 | 29,1 | 27,1 | 35,7 | 30,6 | 30,0 | 30,4 | 34,1 | 41,7 | 35,3 |

Gjeld

Ordinær lånegjeld gjekk i 2017 ned frå 165,3 mill. kr. til kr 157,5 mill., jf. tabell 13. Gjelda utgjør om lag kr 70 000 pr. innbyggjar og 57% av driftsinntektene.



Tabell 13



Noko av gjelda er bunde til fastrente på 2,82% fram til 2018 og 1,92% til 2019. Renteutgiftene har gått mykje ned dei siste åra, men prognosane for rentenivået er høgare renter.

Pensjonsansvar

Kommunen sitt pensjonsansvar er dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK). Jf. note 2a og b i kommunerekneskapen. Pensjonspliktene i KLP og SPK utgjør i alt på kr 392 mill. medan avsette pensjonsmidlar utgjør kr 324 mill.

KOSTRA (KOMmunal og STATleg RAPportering)

Førebelse Kostra-tal pr. 15.03 syner hovudtal frå rekneskapsdata og anna innrapportering frå kommunane i Vest-Telemark for 2017, jf. tabell 14. Me gjer merksam på at tala er førebelse, og det kan vera feil i innrapporteringane som blir retta i den endelege versjonen i juni. Perioden mellom mars og mai skal såleis nyttast av kommunane til sjekking av tala og eventuelt sende inn ny korrigerer rapportering.

Tala syner at Tokke har høge utgifter pr. innbyggjar på mange tenesteområde, men dette har jamna seg ut dei siste åra. Det vil alltid vera ein viss grad av skjøn og vurderingar i innrapporteringane frå kommunane slik at tala ikkje alltid er samanliknbare.



Tabell 14

| KOSTRA 2017 - Utvalde nykeltal, kommunar | | | | | | |
|---|--------|--------|-----------|---------|----------|----------|
| | Tokke | Vinje | Kviteseid | Seljord | Nissedal | Fyresdal |
| Brutto driftsresultat, % av brutto driftsinntekt | 1,7 | 0,1 | -1,1 | -2,2 | 1,7 | -3,4 |
| Netto driftsresultat, %-av brutto driftsinntekt | 5,1 | 3,7 | 1,6 | -1,0 | 2,2 | 2,2 |
| Frie inntekter, kr pr innb. | 63479 | 63210 | 63988 | 61839 | 67709 | 72955 |
| Langsiktig gjeld, %-brutto driftsinntekt | 200,3 | 218,2 | 185,2 | 215,9 | 218,9 | 181,2 |
| Netto driftsutg. grunnskule, pr innb. 6-15 år i kr | 151085 | 176883 | 132187 | 124049 | 164892 | 180376 |
| Netto driftsutg. kommunehelsetenesta, pr. innb. I kr | 6359 | 7379 | 5833 | 3565 | 4413 | 6256 |
| Netto driftsutg. pleie- og omsorgstenesta, pr. innb. I kr | 28817 | 31689 | 23950 | 23263 | 29809 | 29670 |
| Netto lånegjeld, kr. pr. innb. | 52965 | 112482 | 35643 | 75645 | 93728 | 26228 |
| Netto driftsutg. sosialtenesta pr. innb. 20-66 år i kr | 2854 | 2562 | 3062 | 3762 | 4451 | 2238 |
| Netto driftsutgifter per innb. 0-17 år, barnevernstenesta | 7921 | 8025 | 12877 | 12093 | 6351 | 11624 |
| Netto driftsutg. pleie- og omsorgstenesta, pr. innb. I kr | 28817 | 31689 | 23950 | 23263 | 29809 | 29670 |
| Netto driftsutg. barnehagar, pr. innb. 1-5 år i kr | 219520 | 174920 | 137757 | 168966 | 186149 | 159492 |
| Netto driftsutg. til adm. og styring i kr pr innb. | 10421 | 9877 | 7526 | 7700 | 8887 | 13379 |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | 85 | 92 | 81,6 | 85,2 | 94,3 | 98,3 |
| Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning | 5,2 | 8,3 | 7,4 | 7,2 | 5,8 | 8,1 |
| Legeårsverk pr 10 000 innb., kommunehelsetenesta | 17,8 | 22,2 | 16,7 | 17,9 | 20,0 | 22,7 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innb., komm.helsetenesta | 18,2 | 15,9 | 8,3 | 10,1 | 12,1 | 13,7 |
| Andel plassar i einerom i pleie-/omsorgsinstitusjon | 100 | 94,9 | 97,6 | 96,6 | 100 | 95,2 |
| Andel innb. 80 år og over som bur på institusjon | 14,8 | 10,9 | 12,9 | 11,7 | 24,1 | 23,4 |
| Årsgebyr vatn - ekskl. mva. 2018 | 3552 | 1912 | 3721 | 5807 | 4300 | |
| Årsgebyr avløp - ekskl. mva. 2018 | 7120 | 2904 | 5814 | 5701 | 3364 | |
| Årsgebyr renovasjon - ekskl. mva. 2018 | 1975 | 1984 | 1834 | 1770 | 2323 | 1712 |
| Bto. dr.utg. i kr pr. km kommunal veg, gate | 82292 | 110930 | 120596 | 89796 | 65462 | 71750 |

SJØLVKOST

Note 10 i kommunerekneskapen syner sjølvkost-utrekning på tenestene vatn, kloakk, slam/septik, renovasjon, feiing, byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Det er låg dekningsgrad på byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Men rekneskapen for 2017 syner nå tilnærma full dekningsgrad på vatn og avløp, og tilnærma full dekningsgrad på renovasjon, septik/slam og feiing. Det er såleis nytta kr 516 881 av sjølvkostfonda på vatn, avløp, slam og renovasjon i 2017. Det er avsett kr 86 645 til sjølvkostfond på feiing. Gebyra kan ikkje vera større enn utgiftene med tenestene.

4.2 Driftsresultat

Driftsrekneskapen for 2017 er gjort opp med **kr 8,8 mill. i rekneskapsoverskot**, og med godt **netto driftsresultat** på kr 14,0 mill. eller **+ 5,1%**.

Driftsutgiftene er i hovudsak under kontroll i 2017 på dei fleste planområda, men helse- og omsorg og teknisk har utfordringar i høve til budsjettammene, meirforbruket er dekt opp av andre etatar og av meirinntekter og mindreutgifter frå fellesinntekter/-utgifter.



Driftsutgiftene er såleis framleis for høge i høve til inntektene i budsjett og økonomiplan framover. Kraftinntektene er under press og ser ut til å minke ytterlegare. Gode straumprisar fører til større inntekter frå konsesjonskraftsal, men dette endrar seg fort og er usikre inntekter.

Det blir varsla stigande rentenivå, dette kan få stor innverknad på driftsutgiftene i budsjetta framover.

Disposisjonsfondet er framleis på eit for lågt nivå ved årsskiftet, kr 15,8 mill. – om lag 5 mill. av dette er også alt disponera til særavtalefonda og integreringsmidlar. Målet på 10% av driftsinntektene til disposisjonsfond skulle tilseie at fondet burde vera på om lag kr 30 mill.


Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Fleire budsjetterte prosjekt er ikkje starta opp i 2017 eller er utsett.

Nærare kommentarar til drifts- og investeringsrekneskapen fylgjer under kvart planområde.



5. Planområde 1 Sentraladministrasjonen og NAV

Organisasjonskart 31.12.17



Årsverk og likestilling

Kommunen hadde 245 årsverk fordelt på ca 300 tilsette per 31.12.2017. Året før, desember 2016, hadde kommunen 251 årsverk. Nedgang med antall årsverk i 2017 er 6.

Det er fleire kvinner enn menn tilsett i Tokke kommune. Av 245 årsverk er det 65 menn.

Kommunen har totalt 22 leiarar per 31.12.17. Av dette er 15 kvinner og 7 menn.

I rådmannen si leiargruppe er det 4 kvinner (med NAV-leiar) og 3 menn. Tokke har hatt fokus på å skaffe rett kompetanse til rett plass og det har difor ikkje vore prioritert særskilde tiltak for å rekruttere menn eller språklege minoritetar, men ulike nasjonalitetar er representert i alle etatane.

| Planområde | 2017 | 2016 | 2015 |
|-------------------------------|-------|-------|-------|
| Sentralad.* | 20,37 | 19,87 | 21,56 |
| Oppvekst | | 87,15 | 88,63 |
| Oppvekst, kultur og idrett ** | 92,61 | | |
| Helse og omsorg | 93,33 | 98,42 | 97,33 |
| Plan, næring og kultur | | 12,22 | 12,22 |



| | | | |
|-----------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| Teknisk | | 33,36 | 33,36 |
| Plan, næring og teknisk*** | 38,44 | | |
| Tilsaman | 244,75 | 251,02 | 253,19 |

*I årsverk ligg ordførar, varaordførar, frikaup tillitsvalde, lærlingar og NAV

** Kultur er flytta frå plan og næring til Oppvekst i 2017

*** Plan og næring er slått saman med teknisk i 2017

5.1 Driftsresultat

| BUDSJETTKONTROLL 2017 - SENTRALADMINISTRASJONEN OG NAV | | | | | | |
|--|----------------------------|----------------|---------------|--------------------|-----------|-------------|
| Ansv. nr | Tekst | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 | Rev. budsjett 2017 | Avvik | Forbruk i % |
| 100 | Kommunestyret | 261 017 | 219 640 | 219 640 | -41 377 | 119 |
| 101 | Formannskap | 226 075 | 174 872 | 244 872 | 18 797 | 92 |
| 102 | Ordførar/varaordførar | 1 201 210 | 1 229 271 | 1 229 271 | 28 061 | 98 |
| 103 | Eldrerådet | 28 810 | 24 960 | 24 960 | -3 850 | 115 |
| 104 | Kontrollutval og revisjon | 781 517 | 810 250 | 810 250 | 28 733 | 96 |
| 106 | Rådet for funksjonshemma | 10 990 | 13 201 | 13 201 | 2 211 | 83 |
| 107 | Skatte- og takstutval | 25 081 | 19 603 | 19 603 | -5 478 | 128 |
| 108 | Ymse | 154 307 | 219 475 | 219 475 | 65 168 | 70 |
| 110 | Fellestenester | 9 784 177 | 10 774 040 | 10 577 811 | 793 634 | 93 |
| 111 | IKT-Felles | 3 214 060 | 3 022 473 | 3 057 473 | -156 587 | 105 |
| 112 | Adm.bygningar | 6 432 | 0 | 0 | -6 432 | 0 |
| 119 | Avg.pl.sal/tenester | -5 637 | -10 000 | -10 000 | -4 363 | 56 |
| 121 | Økonomiavdeling | 2 667 391 | 2 672 659 | 2 672 659 | 5 268 | 100 |
| 140 | Fellesutgifter/tilskot | 132 460 | 120 000 | 120 000 | -12 460 | 110 |
| 141 | Tokke kyrkjelege fellesråd | 3 558 000 | 3 557 576 | 3 557 576 | -424 | 100 |
| 150 | NAV - administrasjon | 2 155 404 | 1 894 784 | 2 225 784 | 70 380 | 97 |
| 151 | NAV- sosiale tenester | 1 068 536 | 1 881 196 | 1 389 192 | 320 656 | 77 |
| | | 25 269 831 | 26 624 000 | 26 371 767 | 1 101 936 | 96 |

Det er eit samla rekneskapsoverskot i planområde 1 på kr 1,1 mill. der fellestenester og NAV utgjør storparten. I tillegg er det ein feilpostert faktura på IKT, kr 153 000, skulle vore bokført på 2018. Det er i hovudsak mindretgifter på løn og sosiale utgifter, om lag kr 1 mill. – av dette utgjør premieavviket kr 141 000.



| BUDSJETTKONTROLL 2017 - FELLESINNTEKTER OG -UTGIFTER | | | | | | |
|--|---|----------------|---------------|--------------------|------------|-------------|
| Ansvar | Tekst | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 | Rev. budsjett 2017 | Avvik | Forbruk i % |
| 611 | Skatt - forskotspåltige | -53 538 415 | -51 900 000 | -51 900 000 | 1 638 415 | 103 |
| 612 | Skatt - etterskotsplåltige | -22 346 388 | -24 000 000 | -24 000 000 | -1 653 612 | 93 |
| 613 | Eigedomsskatt | -35 166 476 | -35 300 000 | -35 300 000 | -133 524 | 100 |
| 614 | Konsesjonskraftsal | 800 373 | 1 931 000 | 1 931 000 | 1 130 627 | 41 |
| 615 | Konsesjonsavgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 621 | Rammetilskot - ordinært | -66 054 299 | -65 450 996 | -65 450 996 | 603 303 | 101 |
| 622 | Rentekomp. skule-/ symjeanlegg, kyrkjer | -293 717 | -300 000 | -300 000 | -6 283 | 98 |
| 624 | Integrering - statstilskot | -13 163 832 | -2 180 000 | -7 562 000 | 5 601 832 | 174 |
| 625 | Andre generelle statstilskot helse/sosial | -370 842 | -400 000 | -400 000 | -29 158 | 93 |
| 631 | Renter/utbytte | -1 543 024 | 400 000 | 400 000 | 1 943 024 | -386 |
| 632 | Avdrag | 3 153 844 | 2 899 996 | 2 899 996 | -253 848 | 109 |
| 642 | Avskrivning | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 652 | Ubundne fond | 6 000 | -11 000 000 | 66 000 | 60 000 | 9 |
| 653 | Overføring drift/investering | 1 500 000 | 1 500 000 | 1 500 000 | 0 | 100 |
| 661 | Rekneskapsresultat | 8 786 994 | 0 | 0 | -8 786 994 | 0 |
| 662 | Disponering av rekneskapsresultat | -12 236 004 | 0 | -12 236 000 | 4 | 100 |
| | | -190 465 786 | -183 800 000 | -190 352 000 | 113 786 | 100 |


Det er meirinntekter frå konsesjonskraftsal og integreringsmidlar, og mindreutgifter/meirinntekter frå renter/avdrag og utbytte.

Nærvær og fråvær

| Nærværssrapport 2017 | | | | | | | |
|----------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|--------|
| | Total 2017 | Total 2016 | Total 2015 | Total 2014 | Total 2013 | Total 2012 | Total |
| Planomr. | 2017-% | 2016-% | 2015-% | 2014-% | 2013-% | 2012-% | 2011-% |
| 1 | 94,62 | 96,23 | 94,32 | 96,95 | 93,76 | 95,69 | 97,37 |
| 2 | 93,26 | 93,64 | 92,46 | 93,43 | 94,81 | 94,61 | 94,18 |
| 3 | 88,97 | 88,98 | 89,20 | | 0,00 | | 91,04 |
| 3-helse | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 98,02 | 96,72 | 96,23 | |
| 3-omsorg | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 90,00 | 92,37 | 88,47 | |
| 4 | 93,81 | 98,82 | 98,03 | 97,28 | 88,72 | 99,81 | 98,35 |
| 5 | 96,39 | 90,92 | 93,28 | 94,61 | 94,25 | 92,05 | 94,34 |
| Totalt | 92,18 | 91,89 | 91,71 | 93,39 | 93,74 | 92,72 | 93,30 |
| % fråvær | 7,82 | 8,11 | 8,29 | 6,61 | 6,26 | 7,28 | 6,70 |
| Kvinne | 8,65 | 8,94 | 9,61 | 7,45 | 6,07 | 8,22 | 8,01 |
| Mann | 5,04 | 5,3 | 3,98 | 3,79 | 6,93 | 4,19 | 2,05 |
| KT | 1,66 | 1,79 | 2,02 | 1,55 | 1,44 | 1,94 | 2,23 |
| LT | 6,17 | 6,32 | 6,27 | 5,06 | 4,81 | 5,34 | 4,48 |
| EM | 1,08 | 1,04 | 1,26 | 1,11 | 1,05 | 1,35 | 1,39 |
| LM | 6,75 | 7,07 | 7,03 | 5,50 | 5,21 | 5,93 | 5,31 |

Sjuefråværsålet, det legemeldte, på 6,5% er ikkje nådd i 2017.





Arbeidsmiljø og HMS

Sjukefråværet har i 2017 vore diskutert fleire gongar både i arbeidsmiljøutvalet (AMU) og i administrasjonsutvalet (ADMU). Fråvære har vore høgt spesielt i helse og omsorgsetat. I slutten av året begynte etaten med eit prosjekt for å redusere fråvær.

Frå 1.1.17 tok bedriftshelsetenesta Bedriftshelsen over SAMT som Tokke brukte tidlegare. Kommune Både har framleis same kontaktpersonar som tidlegare. Ny organisering gjer at kommune har tilgang til fleire fagpersonar innan bedriftshelsetenesta.

Avvik og korleis kommune handsamar avvik er diskuterte både i leiargruppa og blant tillitsvalde og verneapparat. Tokke har ikkje eit felles elektronisk system for å handtere avvik. Moglegheit for å skaffe slikt system må vurderast i 2018.

Det har og vore endringar i HMS- prosedyrar i 2017. Prosedyra om HMS- handlingsplan og HMS-mål vert endra av AMU. Dette gjer HMS-arbeidet enklare for avdelingar og etatar. Permisjonsreglement og arbeidsreglement er også reviderte både av AMU og ADMU.

Internkontroll

Kommunen har eit godkjent internkontrollsystem på HMS for heile organisasjonen som treng regelmessig oppdatering. Kvalitetssikring av verksemda blir følgd opp gjennom vedtektne prosedyrar, rutinar og regelverk.

På helse og omsorgsetat har me eige kvalitetssystem.

Leiaropplæring

Sentraladministrasjonen har invitert heile leiinga, inkludert mellomleiing, til felles leiarmøter to gongar i 2017.

Felles leiarmøte har hatt oppe tema som alle leiarane i kommunen må kjenne til, knytt til kommunal forvaltning, drift og utvikling. Leiarsamlingane er eit nettverkstiltak og ein opplæringsstad, der leiarane kan få informasjon, diskutere og reflektere saman. I tillegg til dette har kommunen utarbeida kurs i KS Læring for alle leiarar.

Etikk

Tokke har i 2017 utarbeida opplæring til alle nytilsette i KS Læring. Alle i leiargruppa, inkludert mellomleiarar, og mange tilsette har gjennomført opplæringa. Innhaldet i kurset er viktig og består bla av alle vedtektne retningslinjer som etiske retningslinjer og kommunikasjonsplan. Informasjonssikkerheit er og



viktig tema. Rådmannen har bestemt at alle i Tokke skal gjennomføre dette kurset for å gjera bla. etiske retningslinjene kjent blant tilsette.

IKT

2017 har i all hovusak vore eit planleggingsår, der målet har vore å realisere arbeidet med organisere og etablere felles driftsløysing for kommunane Kviteseid, Vinje og Tokke. Framdrifta av teknisk løysing har vore påverka av arbeidet med organisering, men også av forsinka forhandling av rammeavtaler i BTV samarbeidet. Teknisk er det gjennomført 2 av 3 konkurranser på anskaffing av nettverksutstyr og servere/lagring. Servere/lagring vart avslutta i 2018. Investeringsmidlar satt av til dette prosjektet vart ikkje bruka fullt ut, og overførast til 2018. Utfordringar som ikkje var ein del av prosjektet i 2017 er skifte av trådløst nett. Dette må utførast i nær framtid. Kostnadsramme på det vil ligge på om lag 500.000,-. Nødstraum til servere i tokke er av ein slik alder at etter planen skulle vore skifta i 2017-2018. Då vi nå endrar oppsettet for teknisk løysing vil det bli vurdert storleik på nytt anlegg. Dette blir utsett til 2019 og derfor ikkje utført i 2017. Det er framleis ein utfordring at nødstraum til Helsesenteret levert frå Statkraft ikkje dekker kjerneutstyr for Legekontor, telefoni og nettverk. Det er i 2017 kikka på løysingar for dette. Det er fornya avtaler på klientmaskiner til skulane i 2017. Dette er leasingavtaler.

Plan for 2018 er å fullføre samorganisering av IKT for Tokke, Vinje og Kviteseid. Etablere nytt datasenter for tre kommunar. Starte arbeidet med fornying av trådløst nett. Arbeidet med nytt datasenter er eit veldig omfattande arbeid og vil ta store delar av 2018 å fullføre.

5.2 Rapportering, handlingsprogram

| Rapportering handlingsprogram - Planområde 1 | | |
|---|--|--|
| Utfordring og tiltak | Mål | Status 31.12.17 |
| Internkommunalt samarbeid om felles IKT-drift Tokke, Vinje og Kviteseid har starta eir kartlegging med mål å få etablert eit samarbeid om felles drift | Eit samarbeid om felles drift må settast i verk i løpet av 2017 og dei andre kommunane i Vest-Telemark må koma med for å få størst mogeleg effekt av ei felles drift. | Teknisk er prosjektet starta i 2017 og blir avslutta i 2018. Organisasjonsprosjektet vart utsatt i 2017. |
| Frivilligsentral Etablere ein frivillighetssentral i løpet av 2017. | Kommunen har tatt initiativ til å samle interessentar som ynskjer å drive ein frivillighetssentral, men det er ikkje noko mål at det er kommunen som sjølv skal drive den. | Arbeid med frivilligsentral er flytta til kultur, oppvekst og idrettsetat. |
| Kompetanseutvikling | Ta i bruk KS Læring som verktøy i kompetanseutviklinga | Utført |



5.3 NAV-TOKKE

Økonomi – forklaring avvik – jf tabell over.

NAV Tokke har eit underforbruk på ansvar 150 med ca 3% og eit underforbruk på ansvar 151 med ca 23%. Totalt blir det eit positivt avvik i 2017 på 11%.

Heile 2017 har vore prega av låg arbeidsløyse i kommunen. Det har vore eit veldig godt arbeidsmarknad i heile 2017 då det er høg aktivitet i bygg og anleggsbransjen. Oljebransjen har og kome opp igjen.

Totalt 44 stk har motteke økonomisk sosialhjelp i 2017. Av dei er det 3 stk som er under 24 år. Største gruppa er mellom 25-46 år. 23 av tilfella er under i mnd. i stønadstid.

Det har i snitt vore 1 deltakar på Kvalifiseringsprogram (KVP) 2017. Busetting av flyktingar i kommunen gjer at det vert betydeleg større press på sosialtenestar. Totalt sett har NAV Tokke levert tenester til brukarane i tråd med overordna føringar og ein har god resultatoppnåing innom alle felt.

Det er til saman 7 personar som arbeider på NAV Tokke. Av desse er 2,7 stillingar kommunale. Av dei er 0,3 prosjektstilling i samband med busetting av flyktingar. NAV Tokke har ikkje hatt sjukefråvær som er arbeidsrelatera i 2017.

5.4 Rapportering handlingsprogram 2017 - NAV

| Handlingsprogram NAV Utfordringar og tiltak | Mål | Resultat |
|--|---|---|
| Fylgje opp den bustadsosiale handlingsplanen. Gjennomføre planlagde tiltak i 2017 | Bustadsosiale tiltak iflg plan | Det har vore nokre få møter i 2017 og det er kun individuelle saker. |
| Vidareføre lågterskeltilbod i samband med aktivitetsplikt | Innarbeida i ordinær drift frå 010116. | Talenthuset i Tokke vart nedlagt 011017. Vi klarte ikkje å ha bemanning eller arbeidsøkerar til å drive det sjølv om det var for både Tokke og Vinje. |
| Tidleg innsats – | Nav Tokke har eit sterkt barneperspektiv i vårt arbeid og skal i alle saker vurdere borna si stode. Nav deltek i tverrfagleg arbeid i kommunen. | Ingen avvik |
| Mottak av flyktingar | Nav Tokke bidrar med dei verkemiddel vi har for å bistå med integreringa av dei einskilde. - Økonomisk sosialhjelp - Info. om rettigheter i folketrygda og hjelp til å sette fram krav - Hjelp til arbeidssøking | Vi har veldig bra samarbeid med integreringskonsulenten og vaksenopplæringa i kommunen. Det er ein utfordring no og vil bli i framtida i høve til utgifter til økonomisk sosialhjelp. |



6. Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett

Det som er særskilt for drifta i 2017 kjem fram under den enkelte avdeling under. Etaten har fått fleire oppgåver/fagområde både i 2016 (VO/integreringsarbeid) og 2017 (kultur). Det er krevjande, men med dyktige tilsette klarer etaten, slik me ser det, å levere gode tenestar til innbyggjarane.

6.1 Driftsresultat

| BUDSJETTKONTROLL 2017 - OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT | | | | | | |
|--|-------------------------|----------------|---------------|--------------------|-----------|-------------|
| Ansvar | Tekst | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 | Rev. budsjett 2017 | Avvik | Forbruk i % |
| 200 | Oppvekstutvalet | 97 259 | 119 070 | 119 070 | 21 811 | 82 |
| 210 | Oppvekstkontoret | 1 105 975 | 2 313 019 | 1 496 889 | 390 914 | 74 |
| 211 | Spesialundervisning | 27 450 | 0 | 27 330 | -120 | 100 |
| 212 | Vaksenopp/ morsmålsund. | 2 762 156 | 1 875 928 | 2 175 928 | -586 228 | 127 |
| 215 | Integreringsarbeid | 3 987 982 | 949 423 | 5 551 425 | 1 563 443 | 72 |
| 220 | Fellesutgifter | 4 010 118 | 5 869 983 | 5 842 653 | 1 832 535 | 69 |
| 221 | Tokke skule | 16 498 518 | 16 092 503 | 16 580 503 | 81 985 | 100 |
| 222 | Høydalsmo skule | 11 349 924 | 11 128 837 | 11 128 837 | -221 087 | 102 |
| 223 | Tokke skule Åmdals Verk | 1 153 229 | 999 550 | 1 031 750 | -121 479 | 112 |
| 230 | Kulturadministrasjon | 503 367 | 0 | 677 036 | 173 669 | 74 |
| 231 | Kulturskulen | 3 111 616 | 3 468 146 | 3 468 146 | 356 530 | 90 |
| 232 | Kultur | 1 903 754 | 0 | 1 955 985 | 52 231 | 97 |
| 233 | Idrett | 467 429 | 0 | 778 972 | 311 543 | 60 |
| 234 | Fritidsklubb | 827 563 | 0 | 924 388 | 96 825 | 90 |
| 235 | Samfunnshus | 611 728 | 0 | 713 251 | 101 523 | 86 |
| 236 | Bibliotek | 1 625 123 | 0 | 1 552 374 | -72 749 | 105 |
| 240 | Fellesutg. barnehagar | 1 771 542 | 1 527 656 | 1 527 656 | -243 886 | 116 |
| 241 | Dalen barnehage | 9 837 983 | 10 102 493 | 10 102 493 | 264 510 | 97 |
| 242 | Høydalsmo barnehage | 1 967 470 | 2 110 095 | 2 047 458 | 79 988 | 96 |
| 243 | Dalen bh, Åmdals Verk | 1 910 697 | 1 865 806 | 1 865 806 | -44 891 | 102 |
| 246 | Høydalsmo bh, Lårdal | 2 498 130 | 1 834 491 | 2 016 878 | -481 252 | 124 |
| | | 68 029 012 | 60 257 000 | 71 584 828 | 3 555 816 | 95 |

Etaten har eit overskot på kr 3 555 815 i 2017. Me kommenterar dei største postane:

| | |
|---|---------|
| A. Overbudsjettering på introduksjonsstønad | 995 000 |
| B. Kultur/idrett | 363 000 |
| C. Læreverk | 271 000 |
| D. Skuleskyss | 297 000 |
| E. Utleige av lærar til Seljord + ikkje innleige av vikar i sjukefråvær | 250 000 |
| F. Vakante stillingar – merkantilt | 65 000 |



| | |
|---|------------------|
| G. Vakans i fagstilling – leigde noko teneste i denne perioden, men me prøvde omstrukturere internt | 250 000 |
| H. Østlandske lærarstevmne/kompetanseheving | 200 000 |
| I. Oppvekstutvalet | 90 000 |
| J. Lågare leasing | 110 000 |
| K. PPT | 50 000 |
| L. Ungdomsklubben | 90 000 |
| M. Samfunnshus | 99 000 |
| N. KLP/SPK | 86 000 |
| O. Programvare | 85 000 |
| P. Skyssutgifter | 141 000 |
| SUM | 3 442 000 |

Mykje av overskotet skuldast at me har hatt vakans i stillingar og overbudsjettering i introduksjonsstønad. Resultatet er at det ikkje blir fokus på utvikling og det blir i større grad fokus på drifta her og nå. Vidare kan det medføre ei arbeidsbelastning som medfører sjukefråvær på lengre sikt. Tiltaka me har teke til med i 2017 er noko me ikkje kan gjere over tid og overskotet i 2017 er ekstraordinært. Me har allereie no i 2018 iverksett tiltak for å avlaste situasjonen til enkelt tilsette, som gjer at me ikkje får innsparingane lengre. Vidare har me hatt mindre under-/overforbruk på enkelt kontoar. Sjå elles merknadane under.

Merknader

- a. Integreringsarbeid og vaksenopplæring – om me ser burt frå overbudsjettering av introduksjonsstønad, er det balanse på desse to områda. Det kan skuldast budsjettering og kontering mellom desse to områda, då det er noko vurderingar kor utgiftene skal konterast. Jf. kva som er sagt om introduksjonsstønden tidlegare.
- b. På kultur/idrett er det ikkje kommunal finansiering i 2017. O-kart i Høydalsmo var det fondsført den kommunale delen frå tidlegare år. I 2018 vil me få kommunal del til anlegg som gjer at overskotet i 2017 var spesielt.
- c. Grunna ny læreplan har me valt å ikkje skifte ut læreverk no.
- d. Skuleskyss har blitt rimelegare.
- e. Utleige av kulturskulelærer til Seljord og ikkje innleige av vikar ved sjukefråvær. Det har gjort at det er nytta mindre tid til administrasjon, som me ikkje kan gjere gjennom tid – då det påverkar arbeidssituasjonen uheldig for enkelttilsette og det blir eit dårlegare organisert kulturskuletilbod
- f. Me har hatt vakans på merkantil side. Det har ikkje vore enkelt driftsmessig og det blir liten tid til å ha langtidsperspektiv i administrasjonen
- g. Vakans i fagstilling – leigde noko teneste i denne perioden, men me prøvde omstrukturere internt. Dette kan berre bli gjort for korte periodar, då me må sikre at enkeltbarn får spes.ped tilbod og at ein kan drive tideleg innsats.
- h. Me har hatt stort fokus på innhenting av prisar på ulike kostnader til kompetanseheving, noko som medførte lågare utgifter enn budsjettert. Vidare har noko av kompetansehevinga lokalt skjedd med foredragshalderar frå offentlege organ som ikkje medfører ein kostnad. Frå 2018 er det omlegging av statlege kompetansemidlar, det vil venteleg medføre auka kommunal del.
- i. Godtgjersla til oppvekstutvalet blei lågare enn venta. Det blir monaleg høgare utgifter i 2018, grunna fleire politikarar som har rett til tapt arbeidsforteneste
- j. Leasingavtalene blei ikkje inngått frå 01.01 – det gjer at det var lågare utgifter i 2017. Desse utgiftene kjem fult ut i 2018.



- k. Kjøp av tenestar frå PPT blei rimelegare enn venta, grunna at styret har vedteke å bruke av fond som var i selskapet. Me må vente auka utgifter då fondet snart er bruka opp.
- l. Tilsette har gjort ein svært god jobb, så innleige av ekstrahjelp har vore minimal. Dei har vore fleksible.
- m. Drifta av samfunnshus/kulturhus er monaleg mindre.
- n. KLP/SPK –pensjonsutgiftene er lågare enn budsjettert

Personellstoda:

Barnehagen; Fire av dei som tok til på arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning har fullført i 2017.

Me tilfredsstillir nå normen for pedagogiske leiarar som har naudsynt pedagogisk utdanning (jf. barnehagelova).

Skulen; Det er eit årsverk med pedagogisk personale som ikkje har fullført pedagogisk utdanning. Hausten 2017 hadde alle me rekrutterte yrkeserfaring etter fullført utdanning.

Kultur/idrett; Stabil bemanning

Årsverk; Etaten har 92,23 årsverk og om lag 130 tilsette.

Oversyn over utviklinga av årsverk:

| | 2012/2013 | 2013/2014 | 2014/2015 | 2015/2016 | 2016/2017 | 2017/2018 |
|--------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|----------------|
| | 94,88 | 96,41 | 89,21 | 87,23 | 87,15 | 92,61 |
| EVU **) | | 3,37 | 2,63 | 1,12 | 1,12 | 0,38 |
| | 94,88 *) | 93,04 | 86,58 | 86,11 | 86,03 ***) | 92,23 ****) |

*) Eit av desse årsverka er flytta over til PNK (kultur)

***) Det aller meste er finansiert gjennom statlege midlar – gjeld statleg satsing på EVU for pedagogisk personale

****) Frå 2015/2016 til 2016/2017 ligg det inne 3,2 nye årsverk til VO og flyktingtenesta

*****) Av dette er det 5,25 årsverk til kultur, samt nye øyremerka tilskot til styrking på småskuletrinnet.

KOSTRA OVERSIKT

| | Tokke | Vinje | Fyresdal | Nissedal | Kviteseid | Seljord |
|---------------------------------|---------|---------|----------|----------|-----------|---------|
| Barnehage *) | 219 520 | 174 920 | 159 492 | 186 149 | 137 757 | 168 966 |
| Netto driftsutgifter - bhg ***) | 11,7 | 11,8 | 8,2 | 12,8 | 8,6 | 12,0 |
| Skule **) | 151 085 | 176 883 | 180 376 | 164 892 | 132 187 | 124 049 |
| SFO – 20 timar | 2 800 | 1 660 | 660 | 1695 | 2 065 | 2 354 |

*) Barnehage: «Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager» -

****) Netto driftsutgifter - bhg: «Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter»

***) Skule: «Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år»

Barnehage – einingskostnader

Einingskostnadane til barnehage er høg, men ser ein det i samanheng med netto driftsutgifter vs. kommunens netto driftsutgifter, så brukar fleire kommunar i Vest-Telemark meir enn oss på barnehage.



Hovudgrunnen er andelen barn i aldersgruppa 1-5 år som nyttar barnehagen. Då får me færre å dele kostnaden på, dermed aukar driftsutgiftene.

Skule - einingskostnader:

Einingskostnader på grunnskule ligg litt under gjennomsnittet i Vest-Telemark.

Foreldrebetaling i SFO, 20 timars tilbod, er høgast i Vest-Telemark

Kultur – litt fakta

Faste utbetalinga i 2017 (sum 1 971 114,-):

| | |
|--------------------|-----------|
| Kulturmidlar | 165 000 |
| Idrett | 100 000 |
| VTM | 1 325 114 |
| Prisar | 60 000 |
| TV aksjon | 18 000 |
| Lårdal ungdomshus | 15 000 |
| Austheia grendehus | 31 000 |
| Mo grendehus | 54 500 |
| Eidsborg grendehus | 54 500 |
| Løypetilskot HIL | 60 000 |
| Huka | 100 000 |
| Åmdal IL | 40 000 |

Vidare blei det i 2017 utbetalt 73 000 til O-kart på Grønliidheia og 125 000 til motorkrossbane i Styggedalen (kommunal del av spelemidlane).

Nokre einingskostnader pr. område:

| | |
|--------------------------------------|---------------------------------------|
| Kulturadministrasjon | 301 pr. innbyggjar (Reduksjon i 2018) |
| Kulturskule | 1 464 pr. innbyggjar |
| Ungdomsarbeid (aktivitetstilbod): | 362 pr. innbyggjar |
| Bibliotek | 763 pr. innbyggjar |
| Kulturhuset (på kultursitt budsjett) | 255 pr. innbyggjar |

| | Tokke | Vinje | Fyresdal | Nissedal | Kviteseid | Seljord |
|--|-------|-------|----------|----------|-----------|---------|
| Netto driftsutgifter - kultursektoren *) | 9,2 | 7 | 6 | 3,1 | 4,1 | 4,5 |
| | 7 708 | 5 646 | 5 180 | 2 637 | 2 826 | 3 206 |
| Netto driftsutgifter - kulturbygg **) | 2 853 | 1 175 | 1 047 | 326 | 2 | 12 |
| Netto driftsutgifter - idrettsbygg **) | 843 | 0 | 1 150 | 269 | 1 260 | 464 |
| Netto driftsutgifter til museer | 9,0 | 5,7 | 1,9 | 0 | 6,5 | 1,2 |


*) I prosent av kommunens totale netto driftsutgifter

***)Pr. innbyggjar

Om ein skal samanlikne seg med Vinje: tek ein vekk meirbruken på driftsutgifter til idrettsbygg, kulturbygg og museer, (samanlikna med Vinje), brukar Tokke kr 4 494,- pr. innbyggjar på kultur.




Andel elevar med spesialundervisning




Me held oss framleis på eit lågt nivå på andelen barn som har vedtak om spesialundervisning. I Vest-Telemark har Tokke lågast andel. Det betyr at tidleg innsats og TPO har god effekt, og det syner at ressursbruken har rett innretning.

Utvikling av barnetal i barnehagen:



Utvikling av elevtal i grunnskulen



Nærvær/sjukefråvær

| NÆRVÆR | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|-----------------------|--------|--------|--------|--------|---------|---------|---------|
| 2 | 93,26% | 93,64% | 92,46% | 93,43% | 94,81 % | 94,61 % | 94,18 % |
| Langtidsfråvær | 4,83% | 4,79% | 5,88% | 5,10% | | | |
| Korttidsfråvær | 1,92% | 1,57% | 1,66% | 1,46% | | | |

Fråværet og særskilt korttidsfråværet har ein auke i 2017, reelt er auken større i barnehage og skule, då kulturområdet har svært lågt sjukefråvær.

Me kjem i ein svært vond sirkel, då etaten har lite rom til å ta inn vikarar ved sjukefråvær (korttid), då me har svært lita budsjetttramme til vikarar ved sjukdom.

Avvik:

Oppvekst, kultur og idrettsetaten hadde 0 avvik i 2017. Det er utan tvil underrapportering på avvik. Avvik som er knytt til bygg ol. er registrert på teknisk etat.

6.2 Rapportering, handlingsprogram

| Utfordring og tiltak | Mål | Status 31.12.17 |
|--|--|---|
| «Vurdering for læring» | Vidareføring i 2017 | Utført |
| «Aktiv og synleg kulturskule» Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur. | Organisere vår verksemd i tråd med den nye rammeplanen for Norske kulturskule – samarbeid i regionen. | Er i arbeid, saman med dei andre Vest-Telemark kommunane. |
| | Sikre og styrkje eit godt samarbeid mellom kulturskule og heim. Opprette eit samarbeidsutval for kulturskulen. | Samarbeidsutval har ikkje blitt oppretta. Det er eit tett samarbeid med styra i korpsa. |



| | | |
|--|--|---|
| Kompetanseheving | <i>Barnehagen:</i> Kompetanseheving med fokus på det pedagogiske tilbudet. | Fortløpande opplæring, både lokalt og i regionalt. Samt Østlandske lærarstevne. |
| | <i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav | Hadde personalet som var på EVU i norsk, matte og engelsk. Samt Østlandske lærarstemne. |
| | <i>Vaksenopplæring:</i> kompetanse på undervisning ovanfor flyktningane | Deltaking på årleg konferanse for VO i Telemark, vitjing på vaksenopplæring i Oslo og Østlandske lærarstemne. |
| «Utforming» av undervisninga for flyktningar i skulen og vaksenopplæringa | Det er trong for å vurdere organisering av undervisningstilbodet for born av flyktningar i grunnskulen og vaksne i vaksenopplæringa. | Lagar og utarbeider fagplanar i dei enkelte faga. |

Bibliotek

Det vart eit aktivt og innhaldsrikt år for biblioteket. Tokke har i fleire år hatt gode besøks- og utlånstal, samanlikna med andre kommunar i Telemark, og frå 2016 til 2017 har det vore ein liten oppgang i både besøk og utlån. Det gjeld både for hovudbiblioteket og filialen i Høydalsmo.

Lesekampanjen «Sommarles» vart ein suksess, også i 2017. Tokke kom på topp i Telemark, som kommunen med høgst deltakingsprosent. Me avslutta med ein skikkeleg lesefest for alle elevane i kommunen frå 1. til 6. klasse, med premieutdeling og der forfattaren Marius Molaug las og fortalde.

Det har elles vore fleire arrangement basert på samarbeid med andre aktørar i kommunen, og dette er ein arbeidsform me gjerne vil utvikle. Historielaget hadde lansering av årsskrift på biblioteket i september. I oktober arrangerte me høgtlesingskveld i peisestova på Dalen hotell, med den kjende lydbokstemma Anders Ribu. I regi av Folkeakademiet kom Veronica Salinas og hadde ein intim og rørende framsyning for elevar ved Vaksenopplæringa i oktober. Som i 2016 arrangerte me Nordisk Speldag i november, i tett samarbeid med Dalen Ungdomsklubb.

- For 2017 fekk me tildelt kr 90 000 frå Nasjonalbiblioteket til utvikling av biblioteklokalet og foajéområdet på kulturhuset.
- Bibliotekveka
- Barnehagedag på kulturhuset, høgtlesing på to stasjonar
- «Det skumle biblioteket» (Halloween) vart sær populært, og er truleg noko me må ta opp att.
- Internasjonal kveld
- Det er sett i gang arbeid med opprusting av biblioteket i Høydalsmo. Samlinga vart gjennomgått, lokalet er måla og det er etablert fleire sitjeplassar og gruppebord.

Ikkje oppnådde mål – blir arbeid vidare med i 2018:

- Betre tilbudet som skulebibliotek, både for grunnskule og vidaregåande
- Me ser særleg at det er utfordrande å formidle litteratur til ungdom



- Det vil også vere viktig å kunne bruke meir tid på samlingsarbeid og litteraturformidling generelt, både ved hovudbiblioteket og i Høydalsmo.
- Etablering av meiropent bibliotek på Dalen

Ungdomsklubb/ungdomsarbeid:

Aktivitetar/ arrangement:

- Rusfri fest med Byting
- Nordic gameday
- Studietur med Dalen ungdomsklubb som vertsskap
- Zululan
- Fellesaktivitetar
- Aktivitetsdag med SFO
- Stand på Dalsmarken
- Ledarutviklingskurs

Dalen barnehage og Dalen barnehage Åmdals-Verk

Ny rameplan låg klar til oss i august 2017, og i bakgrunn av dette valde me å fortsetje med same årsplan og satsingsområde som året før. Vennskap, fysisk aktivitet og «samarbeid på tvers» er fokus orda våre. Me er ein barnehage som har mange ulike menneske innom her i løpet av eit år. Me har studentar frå høgskule, elevar frå vidaregåande og me kan tilby både arbeidspraksis og språkpraksis. Me får gode tilbakemeldingar og opplever at alle desse menneska gjev oss mykje tilbake, til trass for at det blir gjort eit stort arbeid bak kvar einiskild.

Kjøkkenhagen har gjeve oss bær, grønsaker og jordeple. Kwart år har me jordeplegrautfest, då samlar me oss på fellesrom og et av denne tradisjonelle og lokale «retten».

Ambulansetenesten er innom og har enkel fyrstehjelp med barna, og etterpå får dei oppleve å sjå inne i ambulansa.

Me har halde forledrekaffi og hatt utstilling i samband med FN dagen, der me i år hadde fokus barnekonvensjonen, og der dei eldste barna presenterte barns rettar. Både symjehall og idrettshall har blitt flittig bruka.

Samarbeidet med avdelingane på Dalen og Åmdals Verk opplevast også som godt, det er positivt å koma opp til Åmdals Verk og det er positivt å få barna på Åmdals Verk ned til Dalen på besøk.

Me vonar at me gjev eit variert og fleksibelt barnehagetilbod i tråd med rammeplanen, og har ei målsetjing om at me skal vere ein trygg og god stad for barna.

Oppnådde mål utover fellestiltak

- Implementering av ny rammeplan- er i godt driv. Har hatt felles kurs med Kari Pape. Sluttinnspurt på progresjonsplan.
- God overgang til skule.
- Tilvenning for dei minste har i større grad blitt systematisert, der målet er at barnet skal få den tida det treng for å bli trygg i sin nye kvardag.

Ikkje oppnådde mål – blir arbeida vidare med i 2018

- Implementering av rammeplan



Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal

Suksesshistoriar:

Utanfrå ser prosjektet vårt «bygda mi før og no» veldig bra ut. Me har gjort mykje og ungene har fått opplevd og sett mykje frå bygda si frå «gamle dagar». Internt hadde me nok litt større planar enn me har fått gjennomført, men utanfrå ser det veldig bra ut.

Oppnådde mål utover fellestiltak:

- Implementering av ny rammeplan. Me er i gang, men held fram utover våren og hausten.
- Trivselstiltak. Hadde eit i haust. Må få til eit til no på våren.

Ikkje oppnådde mål – blir arbeid vidare med i 2018:

Få den nye rammeplanen under huden. Lage progresjonsplan innanfor dei ulike fagområda.

Tokke skule/ Tokke skule Åmdals-Verk

Elevane på Tokke skule/Tokke skule Åmdals Verk gjev uttrykk for mykje god trivsel. Årlege tiltak som trivselsdag, solidaritetsdag, elevframsyningar, turar og ekskursjonar bidreg til dette i tillegg til den faglege skulekvardagen. Frå haust 2017 har vi svært god dekning av datamaskiner til elevane.

Oppnådde mål utover fellestiltak

Fått på plass gode rutinar i arbeidet med innføring av nye rutinar/handlingsplanar av §9A (elevanes psykososiale miljø og nulltoleranse for mobbing)
Personalet opplever godt utbytte av arbeidet med Vurdering for læring. Fokus på undervegsvurdering og elevmedverknad.

Ikkje oppnådde mål – blir arbeida vidare med i 2018

- Må repetere/halde ved like tidlegare satsingsområde: Rekning i alle fag, vurdering for læring og klasseleiing
- Trygge lærarane i bruk av IKT plan
- Ferdigstille og implementere beredskapsplan
- Få på plass ein tydeleg instruks for elevråd

Høydalsmo skule

- Vurdering for læring - arbeid med å betre vurderingspraksisen
- Stasjonsundervisning på barneskulen for ein meir variera og praktisk rette undervisning
- Gode strategiar for TPO, med fokus på kasseleiing og læringsmiljø
 - Gode rutinar på rettleia lesing på tvers av klasser
- Gode rutinar rundt kollegaretteleiing og refleksjon rundt eigen og andre sin praksis
- God tilbakemeldingskultur
- Arbeid med grunnleggjande dugleikar i alle fag, samt læringsstrategitrappa
- Null mobbing
 - Trivselstiltak - felles aktivitetar for heile skulen, på tvers av trinn, gjennom året



- Aktivitetsleiarar – tiltak i friminutt
- Inneordning for ungdomsskolen i vinterhalvåret
- Vaksne er til stades

Ikkje oppnådde mål – blir arbeida vidare med i 2018:

- Vurdering for læring – vidare arbeid med å institusjonalisere vurderingspraksis
- Arbeide mot meir praktisk undervisning
- Arbeide meir med grunnleggjande dugleikar i alle fag – særleg rekning og lesing
- Felles forståing for omgrepet TPO
- Halde fram med fokus på elevmedverknad og aktivitetar for å motverke mobbing

Kulturskolen

I november hadde me dei årlege haustkonsertane på Dalen og i Høydalsmo. Det vart lange og innhaldsrrike konsertar som gav oss endå fleire elevar rett i etterkant. Så det gjeld kontinuerleg å vise fram alle dei flotte tilboda me har.

Særleg dans, hip-hop Bollywood har fått ei særleg oppsving dette året, og er per dags dato det mest populære tilbodet kulturskolen har å by på.

Musikkveka gjekk av stabelen i veke 7. Dette er ei flott veke der ungdommane får jobbe saman om scene, musikk, media og rekvisittar og lære kvarandre å kjenne på ein litt annan måte enn den tradisjonelle skulekvardagen. Her samarbeider også skule og kulturskule saman og legg grunnlag for vidare samarbeid og tryggleik.

Oppnådde mål utover fellestiltak

Stemme/vokalkurs med Ruth Wilhelmine Meyer, dette var på mange måtar eit prosjekt som gjekk litt på tvers av kommunegrensene.

Ikkje oppnådde mål, blir arbeidd vidare med i 2018

Ein av utfordringane dette året har vore å skaffe vikarar ved lengre sjukemeldingar, her er det viktig med eit godt samarbeid med andre kulturskular i Vest- Telemark, slik at me kan hjelpe kvarandre.

Ein annan ting som bør få meir grobotn i Tokke er folkemusikken. Me har per dags dato ikkje noko tilbod innan folkemusikk, dans, spel og vokal. Dette håpar me kan endrast på i løpet av 2018.

Vaksenopplæringa/flyktningsstenesta

I 2017 tok me imot 13 flykningar, samla tal på flykningar som har flytta til Tokke frå 2015 til 2017 er no 48 stk. (Utan mottak av flykningar ville folketalet i Tokke hatt negativ vekst i 2017, og samla folketal ville vore godt under 2 200.)

Gjennom introduksjonsprogrammet er målet å gjere dei i stand til vidare utdanning eller for yrkeslivet. Då vil gode praktiske og teoretiske norskkunnskapar vere avgjerande. Om me ikkje lukkast her, vil det bli utfordringar for vidare deltaking i yrkeslivet. Det er svært ulikt nivå på flykningane me tek imot og kor langt dei har kome i introduksjonsprogrammet, då er differensiert undervisning naudsynt.

I 2017 var det ein svært vellukka internasjonal kveld, der det var svært godt frammøte.



Flyktningane vil etter introduksjonsprogrammet ha behov for tett oppfølging frå integreringskoordinator frametter.

Suksesshistoriar

Internasjonal kveld.

Oppnådde mål utover fellestiltak

I tillegg til ordinær norskundervisning, er det lokale ildsjeler som stiller frivillig opp som norsktrenarar.

Ikkje oppnådde mål – blir arbeid vidare med i 2018

I samarbeid med biblioteket har det blitt starta språkkafé på kulturhuset. Dette starta tidleg i 2018, og vil bli arbeid vidare med i 2018.

Arbeid med å nå fram til lokale fadderar og norsktrenarar vert vidareført i 2018.



7. Planområde 3 – Helse og omsorg

Etaten har vore gjennom organisasjonsendringar, reduksjon av stillingar og endringar i arbeidstidsordningar gjennom året som gått.

SUKSESSHISTORIER:

- *Oppstart dagaktivitet BABU*
- *Innføring årsturnus institusjon*
- *Etablering og utvikling av tildelingskontor*
- *Team oppretta for alle prioriterte innsatsområder (palliasjon, demens, kvardagsemeistring og KOLS)*
- *Nr. 1 i Noreg på kommunebarometer over helsetenestar*

Ei fageleg sterk teneste har vore i fokus og det har vore arbeidd med å styrke fleire prioriterte fagområde. Palliasjon og kreft, demensteam, KOLS team og habilitering/rehabilitering er styrka gjennom året som har gått.

Etaten har fortsatt å auke innsatsen til førebygging og friskliv. I august var ei privat fysioterapistilling gjort om til ei kommunal stilling. Dette vil vera med på å styrke arbeid med førebygging i åra som kjem.

Tokke kommune har vore med i nettverkssamarbeid både i Vest-Telemark og i Telemark rundt velferdsteknologi. Velferdsteknologi er allereie ein del av helse og omsorgstenestane og det er svært viktig for alle kommunar å fylje med på utviklinga.

Etaten har avslutta nettverksarbeidet med Nytt Blikk. Det betyr ikkje at arbeidet er over, men at prosjektet går in i ordinær drift. Godt samarbeid med leiinga, tillitsvalde og verneomboda har resultera i eit prøveprosjekt med årsturnus på institusjon. Her har tilsette valt å arbeide noko ekstra helg gjennom året, mot ekstra tillegg. Det vil vera med på å i stor grad redusere vakante stillingar og vakter.

Arbeid for større stillingar er viktig for rekruttering av ny arbeidskraft, men og for kvaliteten på tenestane til våre brukarar. Her må det i tillegg arbeidast med ei kulturendring, då mange ynskjer å jobbe deltid.



7.1 Driftsresultat

| BUDSJETTKONTROLL 2017 - HELSE- OG OMSORG | | | | | | |
|--|----------------------------------|----------------|---------------|--------------------|------------|-------------|
| Ansvar | Tekst | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 | Rev. budsjett 2017 | Avvik | Forbruk i % |
| 300 | Helse- og sosialutvalet | 67 116 | 80 575 | 80 575 | 13 459 | 83 |
| 320 | Samhandlingsreforma | 1 034 280 | 693 000 | 693 000 | -341 280 | 149 |
| 321 | Legeteneste | 8 073 884 | 6 981 280 | 7 081 280 | -992 604 | 114 |
| 322 | Fysio/ergo/rehabilitering | 2 671 357 | 1 903 917 | 2 553 917 | -117 440 | 105 |
| 323 | Miljøretta helsevern | 392 389 | 380 000 | 380 000 | -12 389 | 103 |
| 331 | Helsestasjon | 2 055 052 | 1 735 921 | 1 915 921 | -139 131 | 107 |
| 332 | Jordmor | 380 488 | 549 339 | 549 339 | 168 851 | 69 |
| 342 | Barnevern | 3 413 477 | 3 256 000 | 3 256 000 | -157 477 | 105 |
| 343 | Edruskapsvern | 4 623 | 16 004 | 16 004 | 11 381 | 29 |
| 349 | Psykiaatri | 3 146 928 | 3 259 644 | 3 259 644 | 112 716 | 97 |
| 350 | Helse- og omsorg, administrasjon | 2 558 319 | 3 749 896 | 2 849 896 | 291 577 | 90 |
| 351 | Heimesjukepleia | 4 365 526 | 14 295 545 | 3 704 465 | -661 061 | 118 |
| 352 | Institusjon | 22 185 301 | 20 152 739 | 21 003 968 | -1 181 333 | 106 |
| 354 | Heimetenesta | 11 340 651 | 0 | 9 021 520 | -2 319 131 | 126 |
| 355 | Åheim | 8 968 747 | 8 808 187 | 8 883 187 | -85 560 | 101 |
| 357 | Heimevaktmeister | 313 130 | 273 645 | 273 645 | -39 485 | 114 |
| 358 | Heimehjelp | 1 403 866 | 0 | 2 236 562 | 832 696 | 63 |
| 359 | Kjøkken | 2 560 602 | 2 774 308 | 2 824 308 | 263 706 | 91 |
| | | 74 935 734 | 68 910 000 | 70 583 231 | -4 352 503 | 106 |

Helse- og omsorgsetaten hadde eit overforbruk på 4400' kroner. Innsparingsvedtaket på reduksjon av institusjonsplassar viste seg å vera vanskeleg å gjennomføre innanfor rimeleg tid, og var ein av grunnene til overforbruket.

Ein annan grunn er at etaten har hatt ein del generelle innsparingar gjennom dei siste åra og dei har vore med på å skape økonomisk ubalanse. Ein heilt nødvendig gjennomgåing av økonomien er satt i verk og vil fortsette i 2018.

Kommentar til dei største postane:

| | |
|--|-----------|
| A. Kaup av tenestar frå andre kommunar. Posten er noko underbudsjettet på grunn av at kostnad for øyeblikkeleg hjelp plassar, har auka. Her var det frå regjeringa sin side meininga at endring i inntektssystemet for fysioterapitenesta ville dekke endringa, men det gjer det i realiteten ikkje. | - 341 000 |
| B. Utgifter for legevikar og reduserte inntekter. Kostnad for legevikar har auka. Vi er no nøydte til å leige inn vikar i feriar, noko som ikkje er budsjettet. Bruk av vikarar gjev noko reduksjon av inntekter. | - 993 000 |



| | | |
|---|---|-----------|
| C. Underbudsjettert helsesøster integreringstilskot er ein del av overforbruket. | - | 157 000 |
| D. Innsparing institusjon som ikkje er gjennomført etter plan. Høgt sjukefråvær gjev ekstra utgift. | - | 1 181 000 |
| E. Undersbudsjettert lønnsbudsjett heimetenesta. Høgt sjukefråvær gjev ekstra utgifter. | - | 2 147 000 |

Gjennom året har vi mottatt tilskott knytt til rus og psykisk helse, kompetanseheving, palliasjon og lindrande behandling, friskliv, reproduktiv helse, samt rehabilitering og habilitering.

Investering og prosjekt

På institusjon har eit skyllerom og et par bad vorte oppgradert. Behovet for oppussing er stort over heile bygget, som blir 40 år 2018.

Planen om bygging av forsterka omsorgsbustad var utsatt og er nå satt til 2019.


KOSTRA 2017

Tokke kommune ligg fortsatt høgt i bruk av midlar til pleie og omsorgstenesta når ein samanliknar med Kostragruppe 3, men ser ein til nabokommunane så ligg Tokke nok så likt. Tokke har redusert kostnader i nokon grad det seiste året. Det viser statistikk for 2017. Innsparinga som er gjort i institusjon vil ikkje kome til syne før 2018, på grunn av at ein ikkje klarte å redusere i tenesta før august. Her ligg institusjon høgare enn seist år, men det kjem av at det fram til august var registrert meir personale i forhold til plassar.

Forbruk i heimetenenestane ligg lågt i forhold til KOSTRA gruppe 3. Tokke kommune brukar kr. 206.485 per innbyggjar, mot KOSTRA gruppe 3 som brukar kr. 235. 683. Her har Tokke kommune ligge lågt, frå tidlegare, og har redusert ytterlegare i året som gått.

Fig. 1 Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner - pleie og omsorgstenestar 2017

F. Pleie og omsorg - nøkkeltall (K) etter region, statistikkvariabel og år



| | Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | | | Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) | |
|----------------|---|-----------|----------------|--|---------|
| | 2016 | 2017 | | 2016 | 2017 |
| 0828 Seljord | 1 175 393 | 1 176 107 | 0828 Seljord | 216 252 | 206 792 |
| 0829 Kviteseid | 748 150 | 754 175 | 0829 Kviteseid | 252 235 | 254 602 |
| 0830 Nissedal | 1 185 095 | 1 218 429 | 0830 Nissedal | 301 590 | 281 852 |
| 0831 Fyresdal | 1 243 700 | 1 315 250 | 0831 Fyresdal | 252 359 | 286 902 |
| 0833 Tokke | 1 083 543 | 1 335 500 | 0833 Tokke | 218 064 | 206 485 |
| 0834 Vinje | 1 459 026 | 1 511 432 | 0834 Vinje | 227 680 | 214 764 |

Kommunehelseteneste ligg høgt i forhold til landet, men her har det og vert redusert utgifter det seiste året. Det er god kvalitet på helsetenestane i Tokke. 2017 kom Tokke kommune heilt til topps i kommunebarometret i heile Noreg. Noko av grunnen er at Tokke kommune har eit godt fagmiljø med kompetanse innan alle fagområde.

| | Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten | |
|----------------|--|-------|
| | 2016 | 2017 |
| 0828 Seljord | 3 673 | 3 565 |
| 0829 Kviteseid | 5 557 | 5 833 |
| 0830 Nissedal | 4 547 | 4 413 |
| 0831 Fyresdal | 4 243 | 6 256 |
| 0833 Tokke | 6 409 | 6 359 |
| 0834 Vinje | 6 852 | 7 379 |


PERSONALE, STILLINGAR OG KOMPETANSE

Helse og omsorgsetaten har redusert stillingar over tid. 2016 var det registrert 98,42 årsverk. På slutten av 2017 er det registrert 93,33 faste stillingar i etaten.

Tokke kommune har dei seiste åra hatt ein lågare tal på sjukepleiar i forhold til fagarbeidarar, enn andre kommunar. Etaten har gjennom året arbeidd for å auke talet på høgskuleutdanna i brukarretta tenestar. Det har ein klart i svært liten grad, her må arbeidet halde fram i åra som kjem.



Fig. 4. Tal på årsverk i brukarretta tenester m/ fagutdanning frå høgskule/universitet



Tokke kommune har støtta fleire tilsette med etter og vidareutdanning. Kreft og palliasjon, neurologiske lidningar, psykiatri og rus er fagområde som har fått støtte.

Vi har og auka bruken av *Utviklingscenter for sykehjem og hjemmesykepleie i Telemark*, noko som er med på å styrke både kompetanse og kvalitet i tenestane. Tenesta er gratis og kan brukast av alle kommunar i Telemark.

HMS

Sjukefråværet har gjennom året vore høgt i delar av etaten. Sjukefråværet for heile etaten var på 11,03 2017. Det er særleg avdelingar som har hatt eit høgt fråvær; omsorgssentret (10%), institusjon (17,55%) og Åheim bufellesskap (11,67%).

Sjukefråvær helse og omsorgsetaten 2015-2017

| 2015 | 2016 | 2017 |
|------|-------|-------|
| 10,8 | 11,02 | 11,03 |

Etaten starta opp prosjekt for å redusere sjukefråværet på slutten av året. Her er det søkt og tildelt støtte frå NAV. Prosjektet vil gå gjennom heile året 2018.

Trass i store utfordringar viser medarbeidersamtaler at personale trives på jobb og at arbeidsmiljøet er bra over tid.



7.2 Rapportering handlingsprogram

| | Utfordringar og tiltak | Mål | Resultat |
|---|--|---|---|
| <p><i>Tokke skal være eit samfunn der innbyggjarane er trygge og kjenner seg velkomne</i></p> | <p>Sikra fageleg kvalitet og heilskap i tenestane. Indikator: Etablere eit kompetent og effektivt tildelingskontor</p> | <p>Kommunens tenester er like tilgjengelege, har like kvalitet og gjer like godt resultat uavhengig av brukarens kjønn, entitet, religion eller livssyn, funksjonsevne, seksuelle orientering</p> | <p>Tildelingskontor er etablert og fungerer innanfor rammene av styrande lovar og forvaltning. Innbyggjarane får hjelp til søknader, rettleiing og råd på tildelingskontoret</p> |
| <p><i>Tokke kommune skal vera ein trygg og god stad å bu, leve og vekse opp i</i></p> | <p>Utforming og innhald i omsorgstenesta skal medverka til at brukaranes behov for tenestar bli ivareteke og gjer moglegheit for mestring av eiga liv og deltaking i fellesskapet. Indikator: Kvardagsmeistring skal vera eit etablere og systematisk tilbod i Tokke kommune. Forprosjekt for alternative dagaktivitetar for forskjellige brukargrupper.</p> <p>Gjennomføre omorganisering i etaten, for ei meir effektiv og tydelig teneste, i tråd med anbefalingar i «Rapport organisering av helse og omsorgstenestane i Tokke kommune» Indikator: - Oppretta ny avdeling for helsetenestar - Kjøkken blir lagt in under institusjon - Oppretta tildelingskontor</p> | <p>Helse og omsorgstenesta har ei organisering som står fram som ei samla eining for våre brukarar, som er robust og effektivt løyser våre oppgåver, og som er tydeleg i ansvar og roller.</p> | <p>Omorganiseringa er ferdig med fem avdelingar i helse og omsorgsetaten. Ny helseavdeling er etablere.</p> <p>Kjøkken blir ikkje lagt under institusjon, etter ny vurdering februar 2017.</p> <p>Alle avdelingar arbeider saman om utvikling av helse og omsorgstenestane.</p> <p>Tildelingskontor er etablert</p> |
| <p><i>Tokke kommune rekrutterer, utviklar og arbeider for å ha god kompetanse i organisasjonen.</i></p> | <p>Arbeide med alternative turnusordningar som er med på å sikra dagleg drift og utvikling i etaten Indikator: Talet på tilsette med ufrivillig deltid er redusert</p> <p>Medarbeidarar vert gjeve rom for fridom, initiativ og medbestemmelse i</p> | <p>Rekruttere og behalde personale</p> | <p>Etaten har jobba effektivt med rekruttering gjennom 2017. I samarbeid med tillitsvalde har fleire tilsette fått auka si stilling.</p> |



| | | | |
|--|--|---|--|
| | eige arbeid. Ha eit helsefremmande arbeidsmiljø og arbeide aktivt for å få ned sjukefråværet. | Redusere sjukefråvær | Etaten har arbeidd med rekruttering og fjerning av vakante stillingar. Årsturnus har gjort det mogleg å fjerne mange vakante stillingar og auke ufrivillig deltid. Arbeid med sjukefråvær held fram i 2018 |
| <i>Tokke kommune skal vere ein ettertrakta arbeidsplass og ein arbeidsgjevar som kan tilby utfordrande og interessante arbeidsoppgåver i eit godt arbeidsmiljø</i> | Indikator: Tal på leiarar som har gjennomgått vidareutdanning Tal på tilsette som har starta opp og gjennomgått kurs KS Læring Auka satsing på kompetanseheving innanfor fokusområde (demens, rus og psykisk helse, kreft, KOLS og rehabilitering) Indikator: Team er etablert innanfor alle innsatsområder | Leiarar og etatens medarbeidarar har kompetanse til å møte aktuelle utfordringar. | Kompetanse Utvikling har vore arbeidd med i 2017 i stor grad. Dette er eit langsiktig arbeid som held fram i 2018. Alle innsatsområder er etablert med egna fagteam |

7.3 TENESTANE

Helsestenestane

Legetenesta/legevakt

Legekantoret har hatt noko færre konsultasjonar i 2017 enn tidligare år. Grunnen er truleg at me har hatt ein god del bruk av vikarar. Det gjer og at inntektene ligg litt lågare enn forventa.

Det er varsle endringar i kompetanse og organisering rundt legevakt. Det vil vera med på å gjera tenesta litt meir sårbar for små kommunar, i framtida. Med bakgrunn i det har det i 2017 vore arbeidd med å sjå på eit eventuelt styrka samarbeid rundt legevakt i Vest Telemark. Samhandlingskoordinator har leia ei arbeidsgruppe som arbeide for å gjera tenesta mindre sårbar. Konklusjonen var at et par kommunar har ynskje om samarbeid, mens ein kommune ikkje ynskjer endre dagens samarbeidsform. Tokke kommune konkluderte med å fortsette samarbeidet med Vinje kommune. Revisjon om ny avtale er under arbeid, med håp om å redusere kostnad for legevaktssamarbeidet.

Bruken av legevakt fortsetter å gå nedover. Vi vil tru at det har ein samanheng med praksisen «Time på dagen», som er med på å gje pasientane i Tokke rask legehjelp.



Fordeling av pasientar talmessig og prosentvis siste 4 år på kveld og helg

| | 2013 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | | 2017 | |
|---------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| | tal | % | tal | % | tal | % | tal | % | tal | % |
| Tokke | 1305 | 26,3 | 1095 | 24,9 | 1104 | 25,5 | 1101 | 24 | 889 | 20,8 |
| Vinje | 2591 | 52,2 | 2397 | 54,4 | 2197 | 50,7 | 2241 | 48,8 | 2278 | 53,3 |
| Gjest | 1069 | 21,5 | 910 | 20,7 | 1032 | 23,8 | 1247 | 27,2 | 1110 | 25,9 |
| Totalt | 4965 | | 4402 | | 4333 | | 4589 | | 4277 | |

Kjelde: Årsmelding Tokke- Vinje legevakt 2017, Vinje kommune.

Kommuneoverlegen er i eit utdanningsløp for spesialisering i samfunnsmedisin. Dette er for at kommunen skal ha naudsynt samfunnsmedisinsk kompetanse, som det stadig er meir behov for.

Fysioterapi/Ergoterapi/Rehabilitering

Vidareutvikling av frisklivstilbodet, har fortsett gjennom året 2017. Behovet for rehabilitering er stadig aukande i alle aldersgrupper.

Når to av dei privatpraktiserande fysioterapeutane sa opp sine stillingar, valte vi å redusere på eit privat tilskot og å gjera det til ei fast kommunal stilling. Det har auka kapasiteten i stor grad for alle kommunale oppgåver. Frisklivstilbodet er bruka av mange og ein viktig faktor for å få folk i bevegelse og for å arbeide systematisk med friskliv og rehabilitering.

Kvardagsmeistringsteamet er etablert og driv eit systematisk tilbod til i hovudsak heimebuande pasientar. I 2017 fylgde teamet 8 pasientar, som fikk heimetrening.

Alle kommunar må ha ei plan for rehabilitering og habilitering. Tokke kommune har ei svært gamal plan som må reviderast. Dette har det ikkje vore tid til for, men arbeidet blir prioritert i 2018.

Psykisk helseteneste

Om lag 85 brukarar er registrera med oppfølging frå psykisk helse i 2017. Dette talet vil variere fordi nokon bare får ei enkel vurdering og difor ikkje oppretta journal og vedtak. Andre har trong for samansette tenester, og vil ha journal som nyttast av fleire i systemet. Dei fleste tek imot tenester over ein lengre periode



I Fordeling av brukarar psykisk helse med individuell oppfølging

| Aldersfordeling | Antall |
|-----------------|--------|
| 7 -17 år | 20 |
| 18 - 30 år | 18 |
| 31- 49 år | 17 |
| 50 -66 år | 21 |
| 67 -74 år | 2 |
| Total | 78 |

Hausten 2017 fekk psykisk helse ta i bruk ein kommunal bustad for å drive med grupper, miljøterapi, dagaktivitetstiltak – BABU. Klientar gjev uttrykk for at det er godt å koma til huset. Her kan dei møte omsorg og bli utfordra.

I rus prosjektstillinga har det vore arbeid systematisk med å etablere eit godt samarbeid med helse, kultur/oppvekst og ungdomsgruppa. Dette samarbeidet er etablera, og planlagt vidareført.

Det er gjennomført brukarkartlegging i pasientgruppene alvorleg psykisk sjukdom (43 brukarar) og rus/psykiatri (25 brukarar). Dette gjev god kunnskap om deira trong for oppfølging. Mange har samansette behov og har vedtak på mange tenestar. I snitt har dei som er kartlagt vedtak på mellom 7,5 og 10,4 tenester.

Tokke kommune har i 2017 trekt seg som TIBIR kommune. Grunnen til det er at det var særleg tidkrevjande for både helse og oppvekst. Vi fortset samarbeidet med barnevernstenesta og brukar kompetansen me har lokalt. Men frå 2018 følger me ikkje opplegget frå Bufdir og er ikkje lenger sertifiserte som TIBIR kommune.

Helsestasjon

Helsestasjon har hatt ein ekstra resurs på 30 % stilling gjennom året, den har vore knytt til integreringsarbeidet av flyktningar. Det har vore heilt naudsynt, for mange har store familiar, med mange born og store behov.

Helsestasjon har halde fram med helsestasjon for ungdom gjennom året. Det er få som møter, men det er eit fageleg godt tilbod som ikkje krev mykje av tenesta. Der kan ungdommar møte helsesøster, lege, jordmor og psykisk helse. Helsestasjon har reinført reisevaksinering med stadig auka etterspurnad.

Nytt tilbod om vaksinering handterast av helsestasjon. HPV vaksinering er det seiste og vaksinering i tre steg tar litt ekstra tid.



Samhandlingskoordinator har gjennomført eit arbeid for å samle Vest Telemark kommunane rundt ei vertskommunemodell for jordmødrane. Her valte Tokke kommune å stå utanfor. Grunnane til det er fleire, men i hovudsak ville det vera med på å svekke den kommunale delen av jordmortenesta. Tokke kommune vil fortsatt vera med på vaksamarbeidet som tidligare.



Institusjon

Det var politisk vedtak om reduksjon av inntaksplassar, frå 35 til 28 med verknad frå 01.01.2017. Dette greidde me ikkje å gjennomføre før i august. Personalet har klart endringane bra, men det har vore gjennomført eit stort arbeid som har gjeve utslag i blant anna høgt sjukefråvær.

Det har vorte leigd plass i Kviteseid i 10 dagar i 2017. I 2017 vart det vedtatt ny lokal forskrift » *Tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskil tilrettelagd for heildøgns tenester, kriterium og ventelister* ». Ein er satt på venteliste på langtidsplass ved årets slutt.

Det har vore jobba mykje med turnus i 2017, som ei forlenging av arbeidet med store stillingar. Det resulterte i at Institusjon starta med årsturnus i november. Vi håpar med dette å få betre tenestar til brukarane, redusere sjukefråvær, redusere AML brot, auke stillingsprosent til tilsette, mindre vakante vakter og meir stabilitet.

Samhandlingsreforma gjer at det blir store krav til kommunen når det gjeld kompetanse. Ved utgang av 2017 har institusjon 13 sjukepleiarar, 31 fagarbeidarar og 5 assistentar i årsturnus.

Kjøkken

God ernæringspraksis er eit viktig satsingsområde for helse og omsorgstenestane. Det er innført fleire tiltak for å sikre at brukarane får rett ernæring. Både for dei som bur heime og dei som bur på institusjon. Det har vore vedtak på 453 middagar pr. måned mot 386 året før. Auka trong for dagaktivitet og tenestar gjer at fleire pasientar og i større grad søker om tildeling av måltid.

Ny døgnrytme for servering av måltider har vore ein stor diskusjon gjennom dei to seiste åra. På grunn av mange endringar har me ikkje klart å setje i gang med måltidsendring i 2017. Det blir prioritert å få satt i gang tidleg i 2018. Ei framskunding av tidspunktet vil gje betre fordeling av ernæring for brukarane våre. Rekruttering av kokk har vist seg å vera vanskeleg for avdelinga.

Heimebasera omsorg

Omorganiseringa har for heimetenesta sin del resultera i andre måtar å tenkje arbeidstid og arbeidsoppgåver på. Fokus er at innbyggjarane i Tokke skal bu heime og meistre kvardagen der, lengst



råd, og at dei som bur inne på omsorgssenteret og i tilrettelagde bustader skal deltaka sjølv i større grad, både i aktivitetar og daglegliv.

Færre sjukeheimplassar gjev ringverknader for heimetenesta. Ved omsorgssenteret er det fleire menneske med såpass dårleg allmenntilstand at dei har behov for fullt stell og pleie fleire gonger i døgnet. Dette fører til at vi har trong for ekstra pleiepersonell. Større pleiebehov hjå bebuarane inne på omsorgssenteret gjev mindre tid til praktisk arbeid. Dette har vidare resultera i at det også har vore behov for å setje inn ekstra hjelp til reingjering.

Mot slutten av året har vi leigd inn ein ekstra pleiar på laurdag og sundag ved omsorgssenteret. Denne ekstra ressursen har også tatt oppgåver ute i heimesjukepleia, sidan vi også der har hatt eit auka behov for pleiarar.

I heimetenesta hadde 88 menneske vedtak om heimesjukepleie og 67 menneskje hadde vedtak om heimehjelp.

Talet på dagpasientar har auka gjennom året. Det er fleire pasientar som har behov for dagaktivitet. Det er og fleire pasientar som kommer inn på helsesentret for å ete middag.

Det er starta opp med aktivitetsvenn for demente. Dette er ei frivillig ordning for støtte og oppfyljing av demente. Det er ei danna ei gruppe som arbeider med rekruttering og oppfyljing. I Tokke er det 6 personar som har aktivitetsvenn.

Åheim bufellesskap

2017 har vore eit utfordrande år med høgt sjukefråvær, besette stillingar og mangel på vernepleierar. Det har også vore behov for ekstra ressursar kring nokre av brukarane i periodar.

I forhold til kompetanseutvikling har me nytta KS- læring. Me har kome godt i gang og planen vidare er å lage eigen opplæringsplan for avdelinga.

Hausten 2017 vart det starta eit eige dag- arbeidstilbod for nokre av brukarane på Dalen. Det var eit prøveprosjekt på eit år. Dette har vore eit vellykka prosjekt og planen vidare er å utvide tilbodet frå haust 2018. Me har ulike arbeidsoppgåver som for eksempel ved, rydding, transport av blodprøver og flaskeinnsamling for raude kross.

Me har no rekruttera 2 nye vernepleierar og fleire stillingar er besatt.

Det har vore store utfordringar knytt til rekruttering på natt på Åheim gjennom heile året. Delvis fordi du er einsam på huset som nattevakt og delvis fordi det er kvilande nattevakter og kun betalt for delar av timane ein er på jobb. Det har vore svært få søkjarar på utlyste stillingar. Me ser at behovet på natt har endra seg gjennom åra og at vaken nattevakt etter kvart er nødvendig. Det kjem og ressurskrevjande brukarar som vil krevje meir bemanning får hausten 2018.

Folkehelse

Folkehelsa i Tokke kommune er god. Me har ei oversikt over helsetilstanden i kommunen og den vil bli revidert i løpet av 2018. Per 2017 har Tokke kommune eit par utfordringar som kjem fram av folkehelsebarometret. Kommunen har eit høgare tal på unge uføre enn andre kommunar og høgare tal på pasientar med hjarte og karsjukdom som blir behandla på sjukehus. Det blir laga ny helse og omsorgsplan i 2018, der vil det bli laga tiltaksplan for folkehelsearbeid.



Utfordringar frametter:

- Rekruttere og behalde arbeidstakarar vil vera ei utfordring vidare. Spesielle grupper som vernepleiarar og til dels sjukepleiarar er vanskeleg å rekruttere.
- Fortsetje arbeidet med uønskt deltid. Her treng ein ei kulturendring, då mange ynskjer å arbeide i deltidstillingar.
- Samhandling mellom tenestane og fleksibilitet, for å handtere prioriterte område.
- Trekke frivillige inn i omsorgstenesta.
- Vidareutvikling av dagaktivitetstilbod for fleire typar av brukarar.
- Arbeid med førebygging og handtering av psykiske lidingar i alle aldrar.
- Prioritering av tenestar og område.
- Demensomsorg – auka innsats for både brukarar og pårørande.



8. Planområde 4 og 5 – plan, næring og teknisk

8.1 Plan og næring

| BUDSJETTKONTROLL 2017 - PLAN OG NÆRING | | | | | | |
|--|-----------------------------|----------------|---------------|--------------------|------------|-------------|
| Ansvar | Tekst | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 | Rev. budsjett 2017 | Avvik | Forbruk i % |
| 410 | Plan- og næring – adm. | 1 416 099,00 | 1 786 868,00 | 1 741 868,00 | 325 768,72 | 81,30 |
| 451 | Landbruk | 135 296,00 | 301 100,00 | 306 100,00 | 170 804,38 | 44,20 |
| 452 | Kommuneskogen | -5 823,00 | -12,00 | -12,00 | 5 811,00 | 0 |
| 453 | Turistføremål | 580 955,00 | 622 919,00 | 631 919,00 | 50 963,92 | 91,94 |
| 454 | Næringstiltak | 634 907,00 | 491 836,00 | 911 836,00 | 276 929,10 | 69,63 |
| 455 | Ymse(viltforv.,syss.prosj.) | 294 230,00 | 328 964,00 | 328 964,00 | 34 733,95 | 89,44 |
| 460 | Kart og oppmåling | 346 016,00 | 425 499,00 | 434 499,00 | 88 483,48 | 79,64 |
| | | 3 401 679,00 | 10 552 000,00 | 4 355 174,00 | 953 494,55 | 78,11 |

Driftsresultat

Plan og næring har hatt eit stort underforbruk i 2017, i hovudsak grunna vakante stillingar, lågare lønsutgifter og mindreforbruk på næringstiltak. Kart/ oppmåling og byggesak hadde større gebyrinntekter enn budsjettert.

Avvik og sjukefråver

Det var ingen avvik på planområde 4 i 2017. Sjukefråveret var samla på 6,19% som gjeld ei langtidssjukmelding.

8.2 Rapportering handlingsprogram, plan og næring

| Mål | Utfordring og tiltak | Mål | Resultat |
|-------|---|---|---|
| 7.4.1 | Etablering av næringshagebygg og næringshagemiljø på Dalen. Aktive i ByReg – programmet regionalt, og i næringshagearbeidet lokalt. | Nye arbeidsplassar, styrke kompetansmiljø og utvikle næringslivet gjennom lokalt og regional samhandling. | Kjøp av ABB – bygg, satsing på næringshage pågår. Kompetanseheving, etablert samarbeid i Vest – Telemark. |
| 7.4.2 | Etablering av språkkafè og fysisk tilrettelegging av lokalitetane på kulturhuset. | Utvikling av kulturhuset og biblioteket som møteplass. | Gjennomført (flytt til område 2) |
| 7.4.3 | Bruke nettverk og kompetanse i Byreg – programmet si gruppe om bustadattraktivitet for å vurdere nye, aktuelle område. Starte reguleringsplanarbeid Dalen etter planstrategien si prioritering. | Synleggjering av bustadtomter, samt finne nye, aktuelle område for attraktive tomter. | Oppstart av planarbeid Dalen med tanke på nye, attraktive bustadtomter er i gang. Fortettingsprosjekt. Utarbeidd film for synleggjering av tomter er gjennomført. |



| | | | |
|-------|---|---|--------------------------|
| 7.4.4 | Starte arbeidet med sal av kommunale utmarkseigedomar og utbyggingsområde på Hallbjønnsekken. | Styrke fondsavsetjinga, redusere arbeid med forvaltning av eigedomane og unngå dobbeltroller. | Blir jobba med/ førebudd |
|-------|---|---|--------------------------|

Plan, kart/ oppmåling og byggjesak

Det var berre ein ny reguleringsplan til handsaming i 2017, samt enkelte mindre reguleringsendringar m.a. knytt til E134 Høydalsmo – Mostøyl. Vi fekk kr 100 000,- i statlege midlar til programmet «Fortetting med kvalitet», som skal nyttast til arbeid med å finne nye, attraktive bustadtomter på Dalen. Handsaming av dispensasjon frå reguleringsplan Dalen, for etablering av kunstinstallasjon Soria Moria i Bandak, blei godkjent etter klagehandsaming hjå Fylkesmannen i Rogaland.

Det var mindre oppmålingssaker i 2017 enn dei 3 tidlegare åra, men fleire delingar/arealoverføringer. Nytt kartprosjekt med laserscanning 5 pkt pr m2 gjennomført, resultatata skal vere klare i mars 2018. Nytt, digitalt vatn- og avløpskart pågår i samarbeid med VA - avdelinga.

For 2017 hadde me 71 byggesaker med stort og smått, seks nye hytter og 2 nye bustadhus. Resten av søknadane er i hovudsak tilbygg til hytter og hus, samt garasjar og driftsbygningar. Det kom ei endring i PBL frå 1 juli 2015 om ein del tiltak som nå er unntatt søknadsplikt, garasjar opp til 50m², tilbygg opp til 15m² osv. Det verkar som at desse reglane fungerer greitt, mange ringer kommunen for å avklare om deira tiltak er innafør desse grensene. Det er veldig mange som ynskjer å stå ansvarleg for og sende inn byggesøknaden sjølve for å spare pengar på å bruke ein ansvarleg søker, dette er det lov til på eige hus og hytte, men det medfører ein del ekstra arbeid med rettleiing i søknadsprosessen.

Næring generelt

Det har vore mykje fokus på arbeidet med etablering av næringshage på Dalen: Scana Marel fekk ny eigar, Brunvoll, og gjekk etter det ut som aktør i planane om nytt næringshagebygg. Tokke kommune kjøpte opp alle aksjane i eigedomselskapet til det tidlegare ABB – bygget på Dalen, Tokke eiendom AS. Målet er å etablere nye arbeidsplassar, med samlokalisering av fleire verksemder i «næringshage».

Tokke er søkjar for det statlege Byregion – programmet, der Vest – Telemark er deltek med prosjektet «Regional utvikling av ein attraktiv nærings- og kompetansestruktur». Prosjektet har som mål å skape vekst med bakgrunn i etablerte senter: Utvikling av attraktive kompetansesarbeidsplassar/-miljø knytt til samlokalisering i næringshagane, etablering av samarbeidsarenaer/ kultur for samspel, auka offentleg – privat samarbeid m.a. gjennom innovative anskaffingar, kompetanseheving, t.d. digitalisering og online kafè, og strategiar for å auke bu - attraktiviteten i regionen.

Kommunen gav administrative etablerartilskot i 2017 til Klesbui, Bakkestaul invest, BTM Trafikkskule og Complete bilpleie. Kommunen løyvde investeringsmidlar til Helleberg holding (Joker Høydalsmo) på 48 000,-, 58 000,- til Kleppe eigedom AS og 40 000,- til Ewa Golinska, hyblar.

Kommunestyret løyve 2 mill til delfinansiering i samband med søknad statlege Nkom – midlar til utbygging av breiband i grendene i kommunen. Målet er å gje flest mogleg eit godt breibandtilbod. Tokke



sin søknad fekk fullt tilsagn om midlar, og utbygginga skal gjennomførast i 2018 og 2019. I samarbeid med Telenor vart det etablert ny mobilmast på Seltveit i Mo.

Opparbeiding av ein stor del av næringsareala i Høydalsmo vart lagt ut på anbod saman med Statens vegvesen sitt arbeid med utbetring av E134 i Høydalsmo/ Mostøyl. Kommunen fekk steinmassene frå anlegget mot at arbeidet vart igangsett på slutten av året (bilete).

Formannskapet løyvde i juni inntil 50%, maks 400 000,- av infrastrukturfondet på Hallbjønnsekken, som tilskot til snoproduksjonsanlegg.

Rodney Omdal Karlsen fekk utsetjing av opsjon på tomt til Tokkesenteret i Høydalsmo, til 1. mars 2018.

Kommunen løyvde kr 100 000,- i midlar frå næringstiltak, til fotballsatsinga prosjekt Vest – Telemark.



Reiseliv

Dalen Turistkontor:

Besøktal mai-august 2017: 3611. Nasjonalitetar: Noreg på topp, etterfulgt av Nederland og Tyskland. Også ein god del frå Frankrike og våre naboland Sverige og Danmark.

Vest-Telemark Museum:

Besøktal på VTM i Eidsborg i 2017 på totalt 14534, mot 15067 i 2016. Åmdals Verk Gruver besøktal 2017: 2117, same som i 2016. Grimdalstunet besøktal 2017: 2859.

Dalen Bryggjeutstilling:

Utstillarar 2017: Jon Lindestad Bakken, måleri, Linn Sigrid Bratland, smykker og Jorun Ygre Rogne, keramikk. Litt over 1000 betalande gjester på bryggjeutstillinga, ca. 1500 innom totalt. Utstillinga var open 20.05-18.06 laurdag og sundag kl. 12.00-17.00 og 19.06-13.08 dagleg 12-17.00.

Bryggja: Småbåthavn Dalen: 101 båtar.

Bubilparkering Dalen bryggje: 595 bobilar totalt. (282 i 2016).

Overnatting:

Dalen Hotel melder om 7347 gjestedøgn i 2017, mot 8362 gjestedøgn i 2016. Ein nedgang der altså. Likevel har hotellet hatt ei auke i omsetning på 2 mill.



Bryggjeutstillinga, utstillar 2017 Jon Bakken



(ca. 18 mill. i 2017). Dalen Bed and Breakfast melder om ein god sesong, det same seier Bob på Buøy og Hallbjønnsekken. Bandak Camping melder om ein roleg forsommar, og heller ikkje den aller beste sesongen.

Telemarkskanalen

Kanalbåtane i rute hadde 20 670 passasjerar i 2017 (+ 9,7 %). *Kanalbåtane i charter* hadde 5 275 passasjerar i 2017 (+ 14 %). Totalt har Norge hatt stor framgang i sumarsesongen over fleire år, men det er framfor alt Nord-Noreg og Fjord-Noreg som har fått veksten, medan Austlandet og Telemark har hatt relativ nedgang. For regionalparken har kanalbåtane fin auke, medan service og opplevingar rundt ikkje har ei tilsvarande god utvikling.

Visit Telemark - nokre nøkkeltal:

Aktivitetar og opplevingar + 10 %, Hotell + 0,65 %, Camping og hytter + 11 %. Telemark har hatt ei auke kvart år frå 2014 og fram til i dag, m.a. takka vere ei god merkevare og god profilering. Norske gjestedøgn har gått ned med 11 %, medan utanlandske har auka med 10 %.

Marknadsaktivitetar

Deltaking i felles marknadsføring gjennom Visit Telemark, Telemarkskanalen Regionalpark, Vandre Telemark og Suleskarvegen. Samarbeid med Dalen Hotel og Vest-Telemark Museum om t.d. bloggbesøk og visningsturar. Bruk av sosiale media har vist seg å vere ein effektiv marknadsføring for Visit Dalen.

Omtale/besøk

- Content Marketing i Telemarkshistorier (Visit Telemark), mellom anna Ravnejuv, stjernekokk på Dalen Hotel, brynesteinsindustrien og Ruijentene på kvinnedagen, som slo alle rekordar.
- Sommaravis Varden (Synne rundt med journalist ein heil dag; VTM, Rui, Bryggjeutstilling, Dalen Hotel, Turistkontor, Ravnejuv, Åmdals Verk Gruver og Rallardag)
- Sherpasti TA
- Vest-Telemark Blad (tysk pressetur på Rui, Instagram/sosiale media, bading i Omdalshylen, Jostein og NG, VTM, baksidebilete, sherpasti)
- BBC - Planet Earth II med innslag om kongeørn frå Tokke og Dalen Villmarkssenter.
- «Den moderne Askeladden» Stine Hartmann besøk i mai. Samarbeid med Visit Telemark. <http://telemarkshistorier.no/tema/moderne-askeladden/>
- Bjørn Harry Schønhaug i «Det er Telemark» <https://www.facebook.com/detertelemark/>
- Vandringsboggen ved Angelica Mejstedt. Svensk toppbloggar. Samarbeid Visit Dalen, VTM, Dalen Hotel og VandreTelemark. <https://vandringsbloggen.com/tag/norge/>
- NLE Films. Samarbeid Visit Telemark og Visit Norway. Dronefilming Eidsborg Stavkyrkje, Lårdalstigen og Dalen Hotel til ny reklamefilm «Discover Norway». Førre film desse laga «Iconic Norway» vann pris på filmfestilval i Cannes.

Anna:

- Sykkelutleige. 4 stk Merida sykklar kjøpt inn før sesongen
- Vandring. 5 av turstigane våre i VandreTelemark – kvalitetsstempel og merkevare. Lårdalstigen og Rui mest populære, med ca. 2000 vandrarak på Lårdalstigen og i 2017 og 10000 på Rui.
- Gratis omvising i Tokke kraftstasjon. 201 stk
- Ny Visit Dalen logo og nytt geofilter for Dalen (design Skodde Studio)



Prosjekt

- Steinsetting tursti Dalen – Rui igangsett hausten 2017 - arbeidet utført av sherpaer frå Nepal, med bruk av lokal kvartsskifer (brynestein) (bilete)

Landbruk

Jordbruk

Satsingane i landbruksplanen vedteke i 2016 vart vidareført i 2017. Midlar på kr 400 000 vart overført frå året før, og til saman hadde me eit samla landbrukstilskot på 900 000 kr i 2017. Desse fekk likevel bein og gå på. To fekk tilskot til nye driftsbygningar til ammekyr, og 14 fekk tilskot til drenering av dyrka mark. Me fekk også midlar frå Fylkesmannen til drenering av jordbruksjord på kr 175 000. Desse vart også nesten bruka opp, og viser at gardbrukarane i Tokke tek vare på den dyrka marka si! Talet på føretak som søker produksjonstilskot held seg stabilt. Totalt søkte 63 føretak om produksjonstilskot – 46 av desse har husdyr.

Det vart søkt om, og gjeve konsesjon på tre landbrukseigedomar i 2017. Desse har fått nye unge eigarar og fast busetting.

Skogbruk

Aktiviteten i skogen er på veg opp, og i 2017 fekk Tokke kr 230 000 i NMSK-midlar frå Fylkesmannen. Dette etter ekstraløyvingar som følgje av høg aktivitet og stor pågang av søknadar om tilskot til ungskogpleie – det heile i tråd med fylkes og skogeigarlagas satsingar!

I Tokke - skogane I 2017 vart det avverka 24 438 m³ til ein verdi på kr 7,7 mill (jfr Fylkesmannen), mot 33 509 m³ i 2016. Variasjonen frå år til år har noko samanheng med kor hogstlaga held seg. Regionen sett under eit har ei auke frå 2016.



Utmarksforvaltning

Elgstamma fekk ein knekk for nokre år sidan, og det var vore stort fokus på å bygge denne opp att. Det ser ut som at denne no held seg stabil. Hjortestamma er heller veksende, men fellingsprosenten er framleis låg. Utviklinga av tildelt og felt elg i Tokke 2010 – 2017 (hJORTEVILTREGISTERET).

| År | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Tildelt totalt | 229 | 231 | 231 | 236 | 235 | 139 | 144 | 144 |
| Felt hannkalv | 41 | 41 | 45 | 34 | 31 | 15 | 19 | 18 |
| Felt hunnkalv | 33 | 37 | 36 | 41 | 29 | 25 | 24 | 25 |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 20 | 15 | 12 | 21 | 10 | 9 | 18 | 10 |
| Felt hunndyr 1 ½ år | 16 | 18 | 21 | 16 | 12 | 5 | 8 | 10 |
| Felt hanndyr eldre | 55 | 59 | 59 | 52 | 41 | 34 | 26 | 43 |
| Felt hunndyr eldre | 34 | 32 | 27 | 33 | 23 | 13 | 14 | 12 |
| Felt totalt | 199 | 202 | 200 | 197 | 146 | 101 | 109 | 118 |
| Fellingsprosent | 86,9 | 87,4 | 86,6 | 83,5 | 62,1 | 72,7 | 75,7 | 81,9 |

Omfanget av løyve til motorisert ferdsel i utmark held seg stabilt. Det har ikkje kome inn framlegg til etablering av løypenett.

I regi av Fylkesmannen i Aust – Agder, er det på gang eit nytt villreinprosjekt for Setesdal Austhei, med tanke på å auke kunnskapen om m.a. ferdsel i heiområda.

8.3 Vassforvaltning

Tokke kommune er med i tre vassområde:

Tokke/Vinje vassområde (Tokkeåi med sideelvar/bekkar, dvs Byrte, Froland, Vistadheia, Gøytil)

Nidelva vassområde (alt vatn som drenerar ut i Nidelva, dvs Skafsåheia, Åmdalsverk)

Midtre Telemark vassområde (Bandak og alt vatn som renn ut i Bandak bortsett frå Tokkeåi, dvs Høydalsmo, Eidsborg, Lårdal). Arbeidet er heimla i Plan- og bygningslova gjennom den såkalla vassforskrifta. Det er eit EU-direktiv som ligg til grunn for arbeidet, som har til føremål å sikre reint vatn med naturleg innslag av fisk og andre livsformer for framtidige generasjonar i Europa.

Det er laga forvaltningsplanar for heile Noreg, og desse vart godkjent av Klima- og miljødepartementet i juli 2016. I desse planane er det laga miljømål for alt vatn (bekk, elv, vatn, innsjø, grunnvatn, kyst), og fram til 2033 skal alle land i Europa arbeide for å oppnå dei mål som er sett. Dei store vassdraga i Aust- og Vest-Europa – som pørsar ut ureining i Østersjøen og Skagerak har nok større utfordringar enn Noreg, men det er viktig at alle land er med i arbeidet for å unngå at havet vert ei søppeldyngje full av mikroplast og anna ureining.

Hovudinnsatsen i Tokke i 2017 har vore knytt til revisjon av konsesjonsvilkåra for Tokke/Vinjevassdraget og tiltak for å sikre storaurestamma i Tokkeåi/Bandak. Revisjon av konsesjonsvilkår med minstevassføring og andre grep for å sikre gyte-, vekst- og levevilkåra for fisk er det viktigaste tiltaket for å nå måla i vassforvaltningsplanen. I tillegg er det gjennomført prøvetaking av vatnet i kommunen, og det er utarbeida skjøtselsplan for Bandakdeltaet/Tangane.

Tiltaksarbeidet i Tokkeåi nedanfor Lio kraftverk er konsentrera rundt utlegging av gytegrus, fjerning og



omarbeiding av tersklar, harving av elvebotn, opning av gamle åfar, køyremønster på kraftverk/minstevassføring/lokkeflaumar og innhenting av kunnskap om storauren i vid forstand.

Det er nytta om lag kr 610 000,- frå kommunane Tokke og Vinje si side til vassforvaltningsarbeid i 2017. Arbeidet har fenge tilskot frå Staten (kr 520 000,-), Telemark fylkeskommune (kr 90 000,-) og Statkraft (kr 35 000,-) - til saman om lag kr 650 000,- kr, og kr 40 000,- er overført til 2018 (øyremerka midlar). I tillegg har Statkraft på friviljug basis gjennomført forskingsprogram, undersøkingar og fysiske tiltak i nedre del av Tokkeåi etter ein 3-årsplan. Statkraft sine endelege rekneskapstal for deira innsats i 2017 er ikkje kjent, men ligg rundt 1,2 mill kr.

Generelt har vatnet i Tokke tilnærma naturtilstand – dvs reint og godt. Påverknad frå kraftutbygging med heilt eller delvis tørrlagde elvar og regulera magasin er den sentrale problemstillinga hjå oss. I tillegg er vatnet på Skafsåheia framleis noko surt grunna sur nedbør i tidlegare tider. Det er tidlegare gjennomført kalking i privat regi med tilskot frå fylkesmannen i Kjønnsvikvatnet.

Ein finn meir detaljert informasjon om vassforvaltningsarbeidet i dei årsmeldingar som vert laga for kvart vassområde, og som etter kvart (medio april 2018) vert lagt ut på vannportalen:



Helveteshylen. Bilete Luke Tennant

<http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestviken/>.



8.4 Teknisk

Teknisk vart slege saman med plan og næring etter ferien 2017. Det er tilsett nye personar i ledige stillingar og aktiviteten har auka monaleg i løpet av året. Det har over tid vore underbemanna og difor har ein del oppgåver, spesielt planar for vedlikehald og drift blitt nedprioritera.

Det er no i gang arbeid med planar innan mange fagområde for å få meir oversiktleg og stabil drift. Kommunen har stor bygningsmasse, mykje kommunale vegar og anlegg som krev planmessig drift og vedlikehald. Dei tilsette er stabile og utfører mykje av oppgåvene ved teknisk i eigen regi.

Sjukefráveret i 2017 var på samla på 3,6%. Avvik gjeng fram av kvart einskild område nedanfor.

8.5 Driftsresultat, teknisk

| BUDSJETTKONTROLL 2017 - TEKNISK | | | | | | |
|---------------------------------|------------------------------|-------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------|
| Ansvar | Tekst | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 | Rev. Budsjett 2017 | Avvik | Forbruk i % |
| 500 | Utviklingsutvalet | 70 271 | 85 238 | 85 238 | 14 967 | 82 |
| 510 | Teknisk sjef - felles | 424 997 | 1 194 712 | 1 194 712 | 769 715 | 36 |
| 519 | Avg.pl.sal - teknisk | -37 394 | -50 000 | -50 000 | -12 606 | 75 |
| 530 | Maskinpark | 7 547 | 47 000 | 47 000 | 39 453 | 16 |
| 541 | Vassanlegg | -1 915 271 | -1 380 975 | -1 380 975 | 534 296 | 139 |
| 542 | Avløpsanlegg | -2 355 186 | -2 503 842 | -2 503 842 | -148 656 | 94 |
| 543 | Renovasjon | -354 810 | -56 480 | -56 480 | 298 330 | 628 |
| 551 | Kommunale vegar | 3 412 692 | 2 931 441 | 2 931 441 | -481 251 | 116 |
| 553 | Gateljos | 312 389 | 246 816 | 246 816 | -65 573 | 127 |
| 561 | Brannvern | 3 007 142 | 2 830 040 | 2 830 040 | -177 102 | 106 |
| 562 | Feiing/brannsyn | -61 906 | -190 000 | -190 000 | -128 094 | 33 |
| 570 | Bustadføremål - felles | -4 109 | -5 004 | -5 004 | -895 | 82 |
| 580 | Eigedomsforvaltning - felles | 4 906 | 5 004 | 5 004 | 98 | 98 |
| 581 | Bygningar | 15 868 682 | 13 700 113 | 13 700 113 | -2 168 569 | 116 |
| 582 | Uteanlegg | 449 579 | 602 937 | 602 937 | 153 358 | 75 |
| | TOTALT | 18 829 529 | 17 457 000 | 17 457 000 | -1 372 529 | 108 |

Overforbruket på teknisk skuldast lågt budsjett. Driftsbudsjettet vart redusert med 1,4 mill i 2017, noko som ikkje var realistisk å gjennomføre. Faste utgifter slik som straumbudsjettet er redusert frå 4,5 mill i rev. budsjett 2016 til 3,9 i 2017, medan ENØK – tiltaka blir fyrst starta gjennomført i 2018. Budsjett på kommunale vegar er redusert, medan omfang på drift av vegar er det same. I tillegg kom det ekstraavgifter i samband med flaumskader på dei kommunale vegane. Serviceavtaler og vedlikehald av t.d. ventilasjonsanlegg og alarmanlegg, er budsjettert til kr 0, noko som ikkje er realistisk. Byggevedlikehald er vi avhengige av budsjett på, mange av bygga våre er gamle og det er løpande behov for reparasjonar og naudsynt vedlikehald.



8.6 Rapportering, handlingsprogram teknisk

| Mål | Utfordring og tiltak | Mål | Resultat |
|---------|--|---|---|
| 8.4. 1. | Oppgradering av Høydalsmo vassverk. | Finne alternativ vasskjelde til Høydalsmo. | Prøvetaking avslutta. |
| 8.4. 2. | Utføre vedlikehold etter utarbeid vedlikehaldsplan. Setje opp prioriteringsliste for 2017. | Kome godt i gang med jamn og forutsigbar vedlikehold av kommunale bygg og bruk av eigne arbeidsfolk. | Vedlikehaldsplan klar til handsaming mai. |
| 8.4. 3. | Vurdere kommunale vegar i forhold til nye vektgrenser for blant ana tømmertransport. | Kategorisere og prioritere kommunale vegar i forhold til nødvendig opprusting. | Pågår, vegplan. |
| 8.4.4. | Energieffektivisering | Redusere utgifter knytt til straumforbruk på utvalde kommunale bygg. Avhengig av investeringsmidlar. | Pågår. Bygg/ tiltak inne i investeringsbudsjett 2018. |
| 8.4.5. | Privatisere kommunale vegar | Ha klar ei prioritering og planlegging av privatisering av kommunale vegar, for slik å redusere framtidige utgifter til vegvedlikehold. | Førebuing av sak pågår. |
| 8.4.6 | Vurdere arbeidsstokken på planområde 5 i forhold til vakante stillingar | Å finne eitt akseptabelt nivå i forhold til antall tilsette. Halde dagens vakante stillingar fortsatt vakante fram til ny etatsstruktur er vurdert. | Avklara i samband med omorganisering 2017 og budsjett 2018. |
| 8.4.7 | Fortsetje arbeidet mot ambulerande vaktmeisterteneste i heile kommunen | Ha klar ein plan på utføring og kompetanseoverføring. | Pågår. |

Eigedomsforvaltning

Reinhold har hatt eit år med ein stabil arbeidsstokk, trass i mindre bemanning. Det har vore bruka 2 vikarar for arbeidstakerar som har hatt permisjon/ sjukemeldt.

- 10 avvik på eiendomsforvaltning - alle lukka i 2017
- 3 reinhalderar tok fagbrev i desember 2017

Ufordringar

Tokke kommune slit med etterslep på vedlikeholdet av kommunal bygningsmasse. Særleg bør kommunale utleigebustader oppgraderast snarast råd. Vedlikehaldsplan med kostandsoverslag og prioriteringar er under utarbeiding.

Driftsoppgåver 2017

- Sal av Åmdals Verk alderspensjonat
- Flaumsikring, bruk av eige mannskap
- Eco Online - stoffkartotek
- Pålegg Arbeidstilsynet, brannstasjon



Brann

- Brannvesenet hadde 28 utrykkingar i 2017
- 4 stk tok klasse C, 2 stk starta på utrykkingsleiar kurs i 2017. Det er lovpålagt med 4 stk. 2 nye vil starte hausten 2018.
- Etter postalt tilsyn frå Arbeidstilsynet fekk brannvesenet 4 pålegg. Dei blei lukka til tidsfristane. Ombygging av brannstasjon er under planlegging, oppstart vil bli hausten 2018. Alle brannkonstablar blei kursa innanfor Kjemisk helsefare av Bedriftshelsen AS desember 2017
- Ny hovudbrannbil oktober 2017, salg av gamle brannbilar oktober 2017

Uteavdeling

Uteavdelinga har hatt desse oppgåvene i tillegg til vanleg drift:

- Flaumsikring del 4, lagertelt
- Flaumsikring del 5, erstatningsgarasje Buøy camping
- Skyljerom Tokke helsesenter
- Delteke i tjøring av stavkyrkja
- Oppgradering av kommunal bustad – Babu
- Ny port brannstasjonen
- Ferdigstille 1 bad på helsesenteret
- Ombygging til klasserom i kjellar på kommunehus
- Samanslåing og oppgradering av kontor på kommunehuset
- Skifte kledding og inngangsdør på austvegg Tokke skule
- Lage støypeelement for flaumsikringa del 3

Avvik:

Uteavdelinga hadde to avvik i 2017, der begge er lukka.

Investeringsprosjekt 2017:

Prosjekt 4415 Babu, 6144 Skyljerom, 6157, 6162, 6163 flaumsikring Moensjordet, 6571 kunstgrasbane Dalen og 7118 brannbil er avslutta i 2017, 6153 bad helsesenter pågår over fleire år framover.


| PROSJEKT | Tekst | Rekneskap 2017 | Rev. budsjett 2017 | Avvik | Forbruk i % |
|----------|---------------------------------|-------------------|-----------------------|---------------|----------------|
| 4415 | 24/82 Babu (stor) | 742 185 | 675 000 | -67 185 | 110 |
| 6144 | Oppgradering skyljerom | 404 867 | 350 000 | -54 867 | 116 |
| 6145 | Kjøkken Avdeling A | 0 | 150 000 | 150 000 | 0 |
| 6153 | Ombygging bad helsesenter | 119 119 | 178 000 | 58 881 | 67 |
| 6157 | Flaumsikring Dalen - parsell 1 | 137 331 | 200 000 | 62 669 | 69 |
| 6162 | Flaumsikring Dalen - parsell 2 | 4 432 814 | 3 750 000 | -682 814 | 118 |
| 6163 | Flaumsikring Dalen - parsell 3 | 5 127 511 | 2 500 000 | -2 627 511 | 205 |
| 6164 | Flaumsikring Dalen - parsell 4a | 352 299 | 1 130 000 | 777 701 | 31 |
| 6165 | Flaumsikring Dalen - parsell 5 | 1 088 496 | 1 130 000 | 41 504 | 96 |



| | | | | | |
|------|------------------------------------|------------|------------|-----------|-----|
| 6166 | Flaumsikring Dalen - parsell 6 | 0 | 1 140 000 | 1 140 000 | 0 |
| 6223 | Høydalsmo vassanlegg | 82 321 | 200 000 | 117 679 | 41 |
| 6445 | Teknisk utgreiing VA Skafsåheia | 103 673 | 302 000 | 198 327 | 34 |
| 6454 | Opparbeiding næringsareal | 573 584 | 1 070 000 | 496 416 | 54 |
| 6464 | Infrastrukturiltak Hallbjønnsekken | 73 125 | 73 125 | 0 | 100 |
| 6548 | Steinsetting turveg Rui | 1 312 743 | 1 957 000 | 644 257 | 67 |
| 6571 | Kunstgrasbane Dalen | 40 200 | 103 000 | 62 800 | 39 |
| 7118 | Ny brannbil | 4 067 696 | 4 000 000 | -67 696 | 102 |
| | | 28 990 102 | 31 925 385 | 2 935 283 | 91 |

Vatn og avlaup

Område 541 viser eit underskot i høve budsjett på om lag 500 000,-. Ekstra kostnader i samband med øydelagt overvass-nett på og rundt idrettsplassen på Åmdals Verk, samt kostbare serviceavtaler utgjør store delar av dette.



Skjermdump frå kommunens WEB baserte driftsovervaking



Drift – Generelt

- Naudsynt mannskap er på plass. Drifta går stabilt og bra.
- Kostnader rundt driftsovervaking er under kontroll. Framleis noko manglar, men ein forventar eit funksjonelt system i løpet av 1. halvår i 2018.
- Arbeid med funksjonsbeskrivingar og prosedyrer er sett i gang.
- Det er skifta ut vassmålarar på kommunens hovudnett for å ha kontroll på eventuelle lekkasjar. Så langt gjeld dette 2 stk. på Dalen.

Avvik

Det er registrert 7 avvik i 2017. Alle har samband med driftssituasjonar, slik som overløp og teknisk svikt i styringssystem.

Investeringsprosjekt

- Framhald med prosjektet for resipientundersøking av Førsvatn på Hallbjønnsekken. Dette skal vera ferdig i løpet av april 2018
- Framhald med oppgraderingsprosjektet av Høydalsmo vassverk. Som bestemt, vart det etablert ein ny prøvebrønn ved Tveiten. Også her var det for store mengder av Mangan. Ein har derfor bestemt seg for å gå for ei opprusting/ombygging av eksisterande anlegg og brønner.
- Omlegging av VA-nett i samband med Høydalsmo næringsområde er starta opp og er planlagt ferdig i løpet av hausten 2018

Utfordringar – planar 2018

- Ha fokus på innlekkasje avløpsnett – rehabiliter feil
- Ferdigstille driftsovervaking vatn og avløp
- Revidere VA-kart i GISline
- Driftsinstruksar og funksjonsbeskrivingar på VA-anlegg – få oversikt over dette, eventuelt utarbeide nye
- Revidere elektrounderlag
- Garderobeløysing kommuneverkstaden – utarbeide framlegg, eventuelt sjå på alternative løysingar.
- Maskin og utstyrs plan (Ny bil for driftsoperatør er leasa, og kjem i april 2018)
- Ferdigstille overvass-arbeid i og rundt idrettsplassen på Åmdals Verk.
- Sjå på eventuelle løysingar for Hallbjønnsekken RA i høve rapportgrunnlag.
- Utarbeide framdriftsplan for opprusting av Høydalsmo vassverk.
- Vedlikehald og innvendig opprusting av RA1 (Dalen renseanlegg)
- Utarbeide framlegg til revisjon av kommunens sanitærreglement



Omlagging av bekkeløp ved Høydalsmo alderspensjonat hausten 2017. Dette er ein del av prosjektet med opparbeiding av næringsområdet.

